

# Allmennkringkastingsrapporten 2021

## Delrapport om TV 2

– Vurdering av programverksemda og korleis TV 2 oppfylte allmennkringkastingsoppdraget og det rekneskapsmessige skiljet



## Innhald

1	Kommersiell allmennkringkasting bidrar til mediemangfaldet.....	3
1.1	Evaluering av kompensasjonsordninga for kommersiell allmennkringkasting .....	4
1.2	Allmennkringkastingsoppdraget til TV 2.....	5
1.3	Oppsummering av tilsynsresultatet frå 2021.....	6
2	Vurdering av programverksemda til TV 2 i 2021 .....	9
2.1	Allmennkringkastingsoppdraget – eigenproduserte nyhetsprogram.....	10
2.2	Allmennkringkastingsoppdraget – program for barn og unge.....	13
2.3	Allmennkringkastingsoppdraget – norsk film og tv-drama.....	17
2.4	Allmennkringkastingsoppdraget – distribusjon av allmennkringkastingsinnhaldet... <td>21</td>	21
2.5	Allmennkringkastingsoppdraget – ansvarleg redaktør .....	24
2.6	Allmennkringkastingsoppdraget – lokalisering av den redaksjonelle verksemda i Bergen.....	25
2.7	Dei andre krava til innhaldet i TV 2s hovudkanal .....	42
2.8	Berekning av årleg kompensasjon og retningslinjer for rekneskapsmessig skilje....	53



Del 1

# Allmennkringkastingsoppdraget til TV 2

Allmennkringkastingstilsynet 2021



## 1 Kommersiell allmennkringkasting bidrar til mediemangfaldet

TV 2s allmennkringkastingsoppdrag er formelt gitt i avtalen om kommersiell allmennkringkasting mellom TV 2 og den norske staten ved Kulturdepartementet. Avtalen varer i fem år, fra 1. januar 2019 til 31. desember 2023.

Dei tre mediepolitiske måla for kommersiell allmennkringkasting er å 1) oppretthalde mediemangfaldet, 2) sikre ein reell konkurrent til NRK og 3) sikre riksdekkande nyheitssendingar som blir produserte og sende utanfor Oslo.<sup>1</sup> Det første målet bygger på at mediemangfald sikrar samfunnet tilgang på truverdig informasjon som tar vare på behova til ulike grupper i samfunnet, og er ein avgjerande føresetnad for ytringsfridom og eit velfungerande demokrati. Norskprodusert innhald som reflekterer norsk språk, kultur, identitet og norske samfunnsforhold, er viktig for å oppretthalde mediemangfaldet. Det andre målet er å gi NRK reell konkurranse om produksjon og formidling av allmennkringkastingsinnhald. I lys av den auka konkurransen frå internasjonale aktørar er det vurdert som særleg viktig at publikum har eit reelt riksdekkande alternativ til NRKs tilbod og eit breitt tilbod av nyheter frå ulike samfunnsområde. Det tredje målet handlar om at riksdekkande nyheitssendingar som blir produserte og sende utanfor Oslo, kan bidra til fleire perspektiv i nyhetsdekninga og vere eit alternativ til Oslo-dominansen i riksdekkande medium.

Når allmennkringkastingsrapporten for 2021 nå blir lagd fram, er nær tre fire delar av den inneverande avtaleperioden passert. Dersom ei ny kompensasjonsordning for kommersiell allmennkringkasting skal vere på plass frå 2024, må ei eventuell ny kunngjering og inngåing av avtale bli gjennomført innan utgangen av 2023. Regjeringa planlegg derfor å invitere Stortinget til å ta stilling til om ei ordning med kompensasjon for kommersiell allmennkringkasting skal vidareførast når dei fireårlige styringssignalene for NRK og den direkte mediestøtta blir diskutert hausten 2022 i samband med budsjettproposisjonen. På oppdrag frå Kulturdepartementet har Medietilsynet evaluert kompensasjonsordninga, slik at det ligg føre eit faktabasert grunnlag for å kunne vurdere om det er behov for å justere innretninga av konkurransegrunnlaget før ei ny avtale om kommersiell allmennkringkasting blir lyst ut. Formålet var å vurdere kor godt avtalen, slik han er utforma i inneverande periode, oppfyller dei tre mediepolitiske måla, og om endringar i mediemarknaden, medievanar og teknologi gjer at avtalen bør justerast.

---

<sup>1</sup> Meld. St. 14 (2016–2017) *Kommersiell allmennkringkasting*



## 1.1 Evaluering av kompensasjonsordninga for kommersiell allmennkringkasting

Rapporten om evaluering av kompensasjonsordninga tar for seg erfaringane fra allmennkringkastingstilsynet dei tre første åra av den femårige avtaleperioden og ulike empiriske undersøkingar av innhaldstilbod, mediebruk og økonomiske data.<sup>2</sup>

Mediemarknaden endrar seg raskt, og det er viktig å sikre at ordninga tar innover seg endringar i medievanar og inntektsstraumar. Analysane viser at kommersiell allmennkringkasting bidrar til å styrke mangfaldet i tv-marknaden ved å vere eit klart alternativ til NRK på innhalts- og brukssida, og at den kommersielle allmennkringkastaren sikrar eit nasjonalt nyheitstilbod som blir produsert og sendt utanfor hovudstaden.

Mediebruksundersøkingane viser også at eit lineært tilbod framleis er viktig for ein stor del av befolkninga i Noreg, særleg som nyhetskjelde, sjølv om mediebruken digitalt er aukande.

Medietilsynet har derfor anbefalt at ei framtidig avtale om kommersiell allmennkringkasting bør omfatte innhald som blir formidla både på lineære og ikkje-lineære plattformer.

Medietilsynet vurderer lokaliseringsskrava som avgjerande for å sikre at den kommersielle allmennkringkastaren har eit tydeleg redaksjonelt nærvær utanfor hovudstaden, men som følge av nye digitale arbeidsformer anbefaler Medietilsynet at det ikkje lenger er nødvendig å kreve at redaksjonelle avgjerer må takast fysisk ved bestemte geografiske lokasjonar. Av same grunn, og at ein nasjonal nyheitsformidlar har behov for journalistisk nærvær i hovudstaden, anbefaler Medietilsynet heller ikkje å vidareføre kravet om at nyhetsredaktøren skal ha arbeidsstaden sin i den sentrale nyhetsredaksjonen.

I hovudtrekk vurderer Medietilsynet at den nåverande utforminga av avtalen bidrar til å fremme produksjon og formidling på programområda nyheiter, norskspråklege program for barn og unge og norskspråkleg film og tv-drama, som ligg innanfor allmennkringkastingsoppdraget og dermed er omfatta av kompensasjonen. Samtidig er vurderinga at for dei smale eller mindre lønnsame programområda, som ikkje inngår i allmennkringkastingsoppdraget og dermed blir finansiert av den kommersielle delen av verksemda til TV 2, gir ikkje avtalen insentiv til å levere meir enn det definerte minimumsnivået. Medietilsynet foreslår derfor at ny kunngjering gir sterkare insentiv for å produsere smalare programinnhald, slik at kommersiell allmennkringkasting sikrar eit variert norskspråkleg tilbod og styrker mediemangfaldet ved å levere innhald som kommersielle aktørar i marknaden ikkje leverer like mykje av.

Andre forslag til justeringar i kunngjeringa før ny avtale blir utlyst er blant anna å stille meir konkrete krav til debatt, nærvær i distrikta, nynorskandel og at nyheitsoppdraget blir definert vidare enn daglege nyheitssendingar på ein tv-kanal. For å fremme konkurransen om det framtidige oppdraget som kommersiell allmennkringkastar foreslår Medietilsynet å forlenge

---

<sup>2</sup> Medietilsynet (2022) *Evaluering av kompensasjonsordning for kommersiell allmennkringkasting – Rapport frå Medietilsynet til Kultur og likestillingsdepartementet*. Tilgjengeleg 15.06.2022 på [https://www.medietilsynet.no/globalassets/publikasjoner/utredninger-pa-oppdrag-fra-andre/kommersiell-kringkasting/220530\\_evaluering\\_kompensasjonsordning\\_korr\\_forside.pdf](https://www.medietilsynet.no/globalassets/publikasjoner/utredninger-pa-oppdrag-fra-andre/kommersiell-kringkasting/220530_evaluering_kompensasjonsordning_korr_forside.pdf)



varigheita av avtalen frå fem til åtte år. Sjå nærmare om vurderingane og anbefalingane i evalueringa av kompensasjonsordninga for kommersiell allmennkringkasting.<sup>3</sup>

## 1.2 Allmennkringkastingsoppdraget til TV 2

Allmennkringkastingsoppdraget TV 2 har i inneverande periode, går fram av vilkåra som er nedfelte i dei ulike avtaledokumenta. Desse omfattar kunngjeringa av 23. juni 2017 om levering av kommersielle allmennkringkastingstenester (**kunngjeringa**),<sup>4</sup> søknaden frå TV 2 av 22. september 2017 med etterfølgande avklaringar og dokumentasjon (**søknaden**), vedtaket av 26. september 2018, avtalen av 26. september 2018 (**vedtaket**) og retningslinjene for rekneskapsmessig skilje av 26. september 2018.<sup>5</sup>

Avtalen definerer nærmare kva krav som blir stilte til allmennkringkastingsinnhaldet, til distribusjon og tilgjengeleggjering lineært via TV 2 Play (tidlegare TV 2 Sumo) og over internett, til lokalisering av hovudredaksjon og sentral nyhetsredaksjon, og til kvar dei redaksjonelle avgjerdene skal bli tatt. TV 2 får kompensert nettokostnadene som er knytte til desse forpliktingane.

I tillegg skal TV 2 oppfylle ei rekke krav til det samla innhaldstilbodet på hovudkanalen. Desse krava inneber blant anna at programtilbodet skal vere basert på prinsippa for allmennkringkasting, at TV 2 skal tilby program for både breie og smale grupper, at TV 2 skal bruke begge dei offisielle norske målformene, og at programtilbodet skal ha breidde i tema og sjangrar. TV 2 får ikkje kompensert nettokostnadane for inntekter og utgifter knytte til desse såkalla minimumskrava.

Ifolge avtalen skal Medietilsynet utbetale og fastsette storleiken på den endelege kompensasjonen til TV 2. Medietilsynet skal også føre tilsyn med om TV 2 oppfyller forpliktingane i avtalen og har eit rekneskapsmessig skilje mellom allmennkringkastingsverksemda og den andre verksemda.

Dersom TV 2 bryt nokre av krava i allmennkringkastaravtalen, kan Medietilsynet gi sanksjonar etter reglane i kringkastingslova (åtvaring, gebyr eller tvangsmult). Ved brot på krava som ligg innanfor sjølvve allmennkringkastingsoppdraget, skal Medietilsynet uansett redusere kompensasjonen med eit beløp som svarer til utgiftene for dei ikkje-oppfylte krava.

TV 2 skal kvart år gjere greie for aktivitetane relaterte til allmennkringkastingsoppdraget og dei andre krava til programverksemda. TV 2 skal også legge fram årsrekneskap for verksemda og rapport frå ekstern revisor som bekreftar at det ikkje ligg føre kryss-subsidiering, og at verksemda som er omfatta av allmennkringkastingsoppdraget, er i samsvar med ordinære marknadsprinsipp.

<sup>3</sup> Ibid.

<sup>4</sup> Oppdatert 30. august 2017.

<sup>5</sup> Presiseringar og dokumentasjon som er omtalte i vedtaket og avtalen, går ved motstrid før kunngjeringa og søknaden frå TV 2. Retningslinjene er bindande for heile avtaleperioden.



## 1.3 Oppsummering av tilsynsresultatet frå 2021

Allmennkringkastingstilsynet viser at TV 2 oppfylte dei aller fleste krava innanfor sjølv allmennkringkastingsoppdraget i 2021. Oppdraget omfattar krav om eigenproduserte daglege riksdekkande nyhetsprogram med base i den sentrale nyhetsredaksjonen, norskpråklege program for barn og unge, og førstegongsvisningar av norsk film og tv-drama. Det omfattar også krav til distribusjon og tilgjengeleggjering lineært via TV 2 hovudkanalen og ikkje-lineært via TV 2 Play, krav til lokalisering av hovudredaksjon og sentral nyhetsredaksjon og til kor dei redaksjonelle avgjerdene skal takast.

Medietilsynet anerkjenner betydninga av at dei norske allmennkringkastarane fremmer norskprodusert innhald som reflekterer norsk språk, kultur og identitet og norske samfunnsforhold, og at dette stadig blir viktigare i ein globalisert strøymemarknad. TV 2 sende fleire norske dramaseriar i 2021 og hadde ein markant auke i direkte produksjonskostnader knytte til norskpråkleg film og drama. Serien *Bortført* var den store dramasatsinga til TV 2 i 2021, der handlinga utspelar seg både i Oslo, Israel og Egypt i eit spenningsdrama som vev saman kidhapping av ferieturistar, etterretningsarbeid i Midtausten og storpolitikk i lys av Noregs fredsarbeid med Oslo-avtalen. Med 111,8 millionar kroner i direkte redaksjonelle produksjons-/visningskostnader i 2021 har TV 2 tre år inn i avtalen om kommersiell allmennkringkasting totalt investert over 240 millionar kroner i norsk film og tv-drama. Dermed er TV 2 allereie nær ved å oppfylle minimumsnivået på 250 millionar kroner, som TV 2 har forplikta seg til å investere i løpet av avtaleperioden på fem år.

Pandemiåret 2020 auka interessa for nyhetsinnhald i Noreg som i andre land, og synleggjorde kor viktig informasjonsformidling og kritisk journalistikk er. Redaktørstyrte journalistiske medium var viktige informasjonskjelder for alle aldersgrupper og segment av befolkninga under pandemien, og mange vende seg til allmennkringkastarane for å få oppdatert og truverdig informasjon. 2021 blei også eit år med stort behov og høg interesse for nyhetsinnhald. TV 2 rapporterer at det er brukt store redaksjonelle ressursar på løpende dekning av pandemien, i tillegg til undersøkande journalistikk, og det å sette nyheitssakene inn i ei forståeleg kontekst. I 2021 dekte TV 2 stortingsvalet gjennom to partileiardebattar i Bergen og Oslo, fleire valprogram, undersøkande journalistiske prosjekt og løpende nyhetsjournalistikk. TV 2 la også til rette for interaksjon med publikum og kunnskap om dei poliske partia med ein partiveljar på Tv2.no.

Både i 2020 og i 2021 førte koronapandemien til periodar med nasjonale pålegg og anbefalingar om heimekontor og om ikkje å reise. Smitteverntiltaka i 2021 førte til at nyhetsredaktøren til TV 2 var betydeleg mindre til stades i Bergen enn avtala føreset, noko som også påverkar oppfyllinga av kravet om at majoriteten av dei redaksjonelle avgjerdene skal bli tatt i den sentrale nyhetsredaksjonen. Dette representerer brot på delar av krava til lokalisering av allmennkringkastingsverksemda i Bergen. Ved brot på nokre av krava i allmennkringkastingsoppdraget skal Medietilsynet uansett redusere kompensasjonen med eit beløp som svarer til utgiftene for dei ikkje-oppfylte forpliktingane. Det følger også av avtalen § 8-3 at ein part ikkje kan «holdes ansvarlig for unnlatelse av å oppfylle sine forpliktelser i henhold til denne avtalen dersom det godtgjøres at unnlatelsen skyldes hindring utenfor partens kontroll». Koronapandemien blir vurdert som ei hindring som er utanfor partens



kontroll, og som dermed er force majeure. Medietilsynet har derfor, som i 2020, avgjort å ikke følge opp brotet knytt til lokaliseringskrava i 2021 vidare, verken ved å avkorte kompensasjonen eller ved å gi sanksjon.

### **Hovudkonklusjonar frå tilsynet for 2021:**

- TV 2 oppfylte dei aller fleste krava innanfor allmennkringkastingsoppdraget på hovudkanalen.
- TV 2 hadde daglege nyheitssendingar frå den sentrale nyhetsredaksjonen i Bergen. Med 170 redaksjonelle årsverk og over 350 millionar kroner i redaksjonelle kostnader til nyheitssendingane på hovudkanalen, oppfyller TV 2 forpliktingane med god margin.
- TV 2 oppfylte krava om tilbod til barn ved å vise norskspråkleg barne-tv kvar helg og ha 13,6 millionar kroner i kostnader til denne typen program.
- TV 2 oppfylte krava om tilbod til unge ved å sende jamlege norskspråklege program for unge i alderen frå 13 til 19 år og ha 5,9 millionar kroner i kostnader til denne typen program.
- TV 2 formidla førstegongsvisningar av norsk film og tv-drama, og innfrir med god margin kravet til årleg gjennomsnitt på 50 millionar kroner til innkjøp av produksjonar.
- TV 2 oppfylte krava om å formidle allmennkringkastingsinnhaldet lineært på hovudkanalen og ikkje-lineært i TV 2 Play. TV 2 oppfylte også kravet om å vere tilgjengeleg i distribusjonsnett som kan bli tatt imot av minst 95 prosent av alle husstandane i Noreg (teknisk dekning).
- Med hovudredaksjonen og sentral nyhetsredaksjon i Bergen tilfredsstiller TV 2 kravet om at desse redaksjonane skal vere lokaliserete minst 100 kilometer utanfor Oslo sentrum.
- TV 2 oppfylte dei to krava knytte til hovudredaksjon. Bergen er staden der majoriteten av både større og mindre avgjerder knytte til programsamansettina blir tatt, og majoriteten av dei redaksjonelt tilsette som er engasjerte i verksemda til kanalen, har arbeidsstaden sin ved hovudredaksjonen der. TV 2 oppfylte også kravet om at majoriteten av dei redaksjonelt tilsette som er engasjerte i nyheitssendingane på hovudkanalen, har arbeidsstaden sin ved den sentrale nyhetsredaksjonen i Bergen.
- Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2021 verken oppfylte kravet om at nyhetsredaktøren skal ha sin arbeidsstad ved den sentrale nyhetsredaksjonen i Bergen for den delen av stillinga som er knytt til allmennkringkastingsoppdraget, eller kravet om at majoriteten av både større og mindre avgjerder knytte til nyheitene blei tatt ved den sentrale nyhetsredaksjonen i Bergen. Begge desse brota på lokaliseringskravet kom av hindringar som ligg utanfor TV 2s kontroll på grunn av koronapandemien.



Medietilsynet vil derfor ikkje følge opp desse brota, verken med reduksjon i kompensasjonen eller sanksjonar.

- TV 2 oppfylte alle dei såkalla «minimumskrava» i allmennkringkastingsavtalen i 2021. Dette er krav TV 2 ikkje får dekt nettokostnadane for å levere.
- TV 2 oppfylte kravet om å basere programtilbodet i hovudkanalen på prinsippa for allmennkringkasting, kravet om at profilen i programtilbodet skal vere av allmenn karakter og interesse, og kravet om å tilby program for både breie og smale grupper.
- Med 52 prosent norskspråklege program på hovudkanalen oppfylte TV 2 kravet om at norskspråklege program skal utgjere minst 50 prosent av sendetida. TV 2 hadde ei rekke nynorsktalande nyhetsanker og reporterar i 2021 og oppfylte kravet om å nytte begge dei offisielle målformene.
- TV 2 oppfylte krava om breidde i tema og sjangrar. I 2021 valde TV 2 å dekke dei fem kategoriane samfunns-/informasjonsprogram, sport, dokumentarprogram, underhaldning og natur og vitskap, og alle krava til hyppigkeit og omfang er oppfylte.
- TV 2 oppfylte kravet om at programtilbodet i hovudkanalen skal ha breidde i sjangrar, både når det gjeld samansetninga av programkategoriar og innanfor den enkelte programkategorien.
- TV 2 har etterlevd retningslinjene for rekneskapsmessig skilje i 2021, og i tråd med resultatet får TV 2 full kompensasjon på 135 millionar kroner for 2021 for å ha levert allmennkringkastingsoppdraget.

A photograph showing a female reporter in the foreground, wearing a blue knit beanie, a red and black striped scarf, and a black jacket. She is holding a professional video camera with a large blue windscreen and a wooden handle, looking through the viewfinder. To her right stands another woman with long blonde hair, wearing a dark brown coat with a fur-trimmed hood and maroon trousers. They appear to be outdoors in an urban setting with modern buildings in the background.

Del 2

# Vurdering av TV 2s programverksemd i 2021

Allmennkringkastingstilsynet 2021



## 2 Vurdering av programverksemda til TV 2 i 2021

### 2.1 Allmennkringkastingsoppdraget – eigenproduserte nyhetsprogram

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester  
**§ 3-1 Krav til allmennkringkastingsinnehøldet**

Leverandøren skal levere det allmennkringkastingsinnehøldet som er beskrevet i leverandørens søknad iht. tildelingskriteriene i kunngjøringsteksten kapittel 7, dvs:

- (1) egenproduserte riksdekkende nyhetsprogrammer med base i den sentrale nyhetsredaksjonen

Jamfør vedtak om tildeling av avtale om kommersiell allmennkringkasting til TV 2 AS punkt 5.2

**Eigenproduserte daglige riksdekkende nyhetsprogrammer med base i den sentrale nyhetsredaksjonen**

*Omfang og regelmessighet*

TV 2 tilbyr å sende minimum 40 minutter nyheter (inkludert sportsnyheter) mandag til torsdag mellom kl. 17.00 og kl. 24.00, og minimum 25 minutter fredag til lørdag mellom kl. 17.00 og kl. 24.00. Tidsangivelsen er eksklusiv reklamepauser.

*Størrelsen på planlagte ressurser*

TV 2 vil avsette minimum 250 millioner kroner årlig i direkte redaksjonelle kostnader knyttet til nyhetssendingene på kanalen.

TV 2 viser til at nyhetsinteressa blant nordmenn auka gjennom pandemien. Som allmennkringkastar er TV 2 opptatt av å treffe breitt i befolkninga med nyhetsdekninga med både «breaking news», undersøkande journalistikk, dokumentarar og aktualitetsprogram. Vidare viser TV 2 til at hovudredaksjonen og den sentrale nyhetsredaksjonen er i Bergen, der det også er etablert ein digital videodesk og Lab2. Lab2 er ein redaksjon som er spesialisert på datadriven journalistikk, metodikk innan undersøkande journalistikk og digital historieforteljing. TV 2 opplyser også at nyhetsredaksjonen har eit sterkt nærvær i Oslo – i tillegg til at TV 2 har lokalkontor i Stavanger, Trondheim, Ålesund, Bodø, Tromsø og Hamar.

TV 2 opplyser at det i 2021 blei sendt 47 minutt nyheter i snitt per dag frå måndag til torsdag, inkludert sportsnyheter, med base i den sentrale nyhetsredaksjonen. Fredag til lørdag har TV 2 i snitt sendt 45 minutt per dag. TV 2 melder om eitt avvik frå minuttkravet: Fredag 18. juni 2021 blei ei nyheitssending korta ned frå 26.00 til 24.01 minutt på grunn av ein feil som kom av menneskeleg svikt. På grunn av fotball-EM var det berre éi nyheitssending den aktuelle kvelden. TV 2 sende dermed 59 sekund mindre enn kravet, som er minimum 25 minutt nyheter dagleg fredag til lørdag mellom klokka 17.00 og 24.00. Ettersom dette var ei eingongshending, vil ikkje Medietilsynet følge opp brotet.

TV 2 gjer greie for nokre av dei viktigaste satsingane og sakene frå TV 2 Nyhetene i 2021:

- Valdekninga i 2021 var den største satsinga. Ho inkluderte to partileiardebattar i Bergen og Oslo, fleire valprogram, undersøkande journalistiske prosjekt, løpende nyhetsjournalistikk og ein nyskapande partiveljar på Tv2.no.



- TV 2 viser til at løpende informasjon frå helsemyndighetene og regjeringa gjennom pandemien og publikums behov for kontekst, har kravd mykje av nyhetsredaksjonen. TV 2s undersøking av menstruasjonsforstyrringar etter koronavaksinen var eit viktig journalistisk prosjekt.
- Migrantkrisa i EU prega nyhetsbildet hausten og vinteren 2021. TV 2 følgde problematikken tett, både storpolitisk og med tanke på enkeltmenneske.
- Hausten 2021 var nyhetsbildet prega av fleire skyteepisodar og valdshendingar i Oslo. TV 2 undersøkte straffehistorikken til alle som blei varetektsfengsla, og påviste at dei aller fleste var tidlegare straffedømte.
- TV 2 gjorde ei omfattande kartlegging av profilerte realitydeltakrarar som har vore involverte i straffesaker. Dette miljøet er ifølge TV 2 aldri tidlegare blitt undersøkt systematisk i offentlegheita.

Sportsdekninga skal ifølge TV 2 komme tettare på folks kvardag, og i tråd med at TV 2 skal løfte norsk innhald, opplyser TV 2 at journalistikken skal spegle kvardagen i norsk idrett. I 2021 hadde TV 2 blant anna saka *Overleveren* frå norsk hoppsport, som dekte konflikten mellom Norges Skiforbund og sportssjef Clas Brede Bråthen, og hoppulykka der hoppar Daniel Tande var nær ved å miste livet.



I *Overleveren* følger vi skihopparen Daniel-André Tande frå det dramatiske fallet til han igjen var på pallen i verdscupen. Foto: TV 2

Vidare trekker TV 2 fram satsinga på undersøkande journalistikk, der det gjennom fleire saker blei dokumentert korleis den tidlegare skøyteutøvaren Johan Olav Koss og hans



stiftelse, Right to Play, hadde økonomisk tilknyting til aktørar knytte til menneskeretsbrot og dopingsaker.

TV 2 framhevar også at det gjennom 2021 blei publisert sterke historier, blant anna om ein fotballklubb der den unge trenaren døydde brått, og om samhaldet og korleis lagkameratane arbeidde seg gjennom sorga.

Direkte redaksjonelle kostnader knytte til nyheitssendingane utgjorde 389,1 millionar kroner i 2021, ifølge allmennkringkastarrekneskapen frå TV 2. Kravet om kor store ressursar TV 2 skal legge i eigenproduserte daglege riksdekkande nyhetsprogram, er knytt til direkte redaksjonelle kostnader til nyheitssendingane på hovudkanalen. Følgeleg skal ikkje kostnadene som er relaterte til TV 2 Nyheitskanalen, inngå i vurderinga av om TV 2 oppfyller dette kravet. Det går fram av årsrekneskapen at kostnadene knytte til nyheitssendingane på hovudkanalen var i overkant av 355 millionar kroner i 2021. TV 2 ligg med dette godt over kravet om å sette av minimum 250 millionar kroner årleg til desse sendingane.

TV 2 har forplikta seg til å bruke minst 100 redaksjonelle årsverk på nyheitssendingane på hovudkanalen. Ifølge TV 2 var 170 redaksjonelle årsverk knytte til nyheitssendingane på hovudkanalen ved utgangen av 2021, ein reduksjon på 0,5 årsverk frå 2020. Ressursbruken knytt til nyheitssendingane på hovudkanalen er dermed stabil og godt over kravet.

#### **Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2021 i det store og heile oppfylte krava knytte til omfang og regelmessigheit for eigenproduserte daglege riksdekkande nyhetsprogram med base i den sentrale nyhetsredaksjonen. TV 2 rapporterte om eitt enkeltståande avvik som kom av menneskeleg svikt, og Medietilsynet har konkludert med at dette brotet ikkje blir følgt opp vidare.

TV 2 gjer greie for at det i 2021, som i 2020, var fleire saker med vekt på bruk av undersøkande journalistikk, i tillegg til den løpende nyhetsdekninga. Dette er i tråd med ambisjonen som blei uttrykt i søknaden om å styrke satsinga på nyheter.

Med 170 redaksjonelle årsverk knytte til nyheitssendingane på hovudkanalen oppfyller TV 2 kravet om å bruke minimum 100 årsverk til dette. TV 2 oppfylte i 2021 også kravet om å bruke minimum 250 millionar kroner i direkte redaksjonelle kostnader til nyheitssendingane på kanalen.



# TV 2s program for barn og unge

Allmennkringkastingstilsynet 2021



## 2.2 Allmennkringkastingsoppdraget – program for barn og unge

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester

### § 3-1 Krav til allmennkringkastingsinnholdet

Leverandøren skal levere det allmennkringkastingsinnholdet som er beskrevet i leverandørens søknad iht. tildelingskriteriene i kunngjøringsteksten kapittel 7, dvs:

- (2) norskspråklige programmer for hhv. barn og unge

Jamfør vedtak om tildeling av avtale om kommersiell allmennkringkasting til TV 2 AS punkt 5.3

#### Norskspråklige programmer for hhv. Barn og unge\*

##### *Omfang og regelmessighet*

TV 2 vil minimum tilby ukentlig norskspråklig barne-TV på lørdag og søndag og i høytider, totalt 72 timer pr år.

TV 2 vil levere 20 timer programmer for unge årlig. TV 2 har under søknadsbehandlingen etter anmodning fra departementet presisert at programmene vil bli fordelt utover året, med månedlige programmer i minst 9 av 12 måneder.

##### *Størrelsen på planlagte ressurser*

TV 2 vil bruke minimum 5 millioner kroner i året på programmer for barn og 5 millioner på programmer for unge.

\*Med barn menes aldersgruppen 0 – 12 år, med unge menes aldersgruppen 13 til 19 år.

TV 2 har forplikta seg til å programsette eigne norskspråklege program for både barn og unge. Dei økonomiske ressursane TV 2 legg i program for barn og unge, er knytte til kostnader for innkjøp av eksterne produksjonar. Barn og unge har dei siste åra endra sjåarvanane sine og ser i større grad ikkje-lineært og strøymer innhald over nettet. Dette gjer at TV 2 må programsette riktig både når det gjeld konsept, innhald og sendetidspunkt for å treffe desse målgruppene på hovudkanalen.



## 2.2.1 Norskspråklege program for barn

TV 2 sende 105 timer med barneprogram i 2021 og opplyser at tilbodet inneholder norskprodusert innhold som er trygt, oppbyggande, lærerikt, underhaldende og engasjerende. Det blei totalt brukt 13,6 millionar kroner på barneprogram i 2021, om lag same nivå som i 2020, da TV 2 brukte 13,5 millionar kroner.

I 2021 sende TV 2 blant anna *Babbledyr*, *Jungeldyret Hugo* og *H.C. Andersens Eventyr*. TV 2 opplyser at «Oiii», eit barneunivers via Norsk Film som tilbyr både eigenprodusert innhold og innkjøpte seriar som er dubba, er sentralt i innhaldstilbodet til barn. TV 2 framhevar også *TV 2 hjelper deg junior* der problemstillingane til barn blir tatt på alvor, men med leik og humor.

### Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2021 oppfylte kravet om å tilby norskspråkleg barne-tv minimum kvar veke, på laurdagar og søndagar. Ut frå utgreiinga til TV 2 legg Medietilsynet til grunn at tilbodet er retta mot dei minste barna i alderen 0 til 12 år. TV 2 oppfylte vidare kravet om at tilbodet skal ha eit omfang på minimum totalt 72 timer årleg. Med 13,6 millionar kroner til norskspråklege program for barn i 2021 er også kravet om å bruke minimum 5 millionar kroner på dette programområdet oppfylt.

## 2.2.2 Norskspråklege program for unge

TV 2 peiker på kor viktig det er at unge blir eksponerte for tema som er samfunnsnyttige, og som dei kan relatere seg til, men at TV 2 må «snakke» språket til dei unge for å nå gjennom. I 2021 opplyser TV 2 at det blei satsa ekstra på å skape debatt i den unge målgruppa og å synleggjere utfordingane dei unge møter.

TV 2 sende 24 timer med program for unge på hovudkanalen i 2021, frå slutten av januar til og med september. TV 2 er dermed akkurat innanfor kravet om at programma skal vere jamt fordelt utover året, med program minimum kvar månad i ni av årets tolv månader. Omfanget var lågare i 2021 enn i 2020, da TV 2 sende program i kategorien unge i elleve av tolv månader.

To av konsepta som TV 2 trekker fram, er serien *Emmas stemme* og dokumentarfilmen *Hei verden*. Serien *Emmas stemme* handlar om influensar Emma Ellingsen og vegen for å finne kva parti ho skulle stemme på den første gongen ho hadde stemmerett ved eit stortingsval. Serien utforskar politisk engasjement hos dei unge, og kva som skal til for at unge ønsker å stemme. Dokumentaren *Hei verden* følger tre unge personar over ein periode på tre år etter at dei valde å stå fram som skeive. TV 2 gjer greie for at målet med dokumentaren er å bidra til å skape openheit og forståing rundt dei utfordringane mange barn og unge kjänner på når dei skil seg ut i oppveksten og i dagens samfunn.



Runa frå *Hei verden* går i sitt første Pride-tog tolv år gammal. Foto: Lars Erlend Tubaas Øymo, Fuglene

Det kjem fram av årsrekneskapen til TV 2 at kostnaden for norskspråklege program for unge var 5,9 millionar kroner i 2021, ein auke på ein halv million kroner frå 5,4 millionar kroner i 2020.

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at TV 2 med 24 timer i løpet av 2021 oppfylte kravet om å tilby norskspråklege program for unge i eit omfang som er i tråd med kravet. Kravet er minimum 20 timer årleg, og at programma skal fordelast jamt utover året med minimum månadlege program i ni av årets tolv månader. Ut frå utgreiinga til TV 2 legg Medietilsynet til grunn at tilbodet er retta mot unge i alderen frå 13 til 19 år. Med 5,9 millionar kroner til norskspråklege program i 2021 er også kravet om å bruke minimum fem millionar kroner på dette programområdet oppfylt.

# Norsk film og drama på TV 2



Allmennkringkastingstilsynet 2021



## 2.3 Allmennkringkastingsoppdraget – norsk film og tv-drama

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester

### § 3-1 Krav til allmennkringkastingsinnholdet

Leverandøren skal levere det allmennkringkastingsinnholdet som er beskrevet i leverandørens søknad iht. tildelingskriteriene i kunngjøringsteksten kapittel 7, dvs:

- (3) førstegangsvisninger av norsk film og tv-drama

Jamfør vedtak om tildeling av avtale om kommersiell allmennkringkasting til TV 2 AS punkt 5.4

### Førstegangsvisninger av norsk film og tv-drama

*Gjennomsnittlig årlig nivå på planlagte økonomiske ressurser*

TV 2 vil investere minimum 250 millioner kroner i avtaleperioden.

TV 2 har i søknaden forplikta seg til å investere minimum 250 millionar kroner i norsk film og tv-drama i avtaleperioden – med ei gjennomsnittleg investering på 50 millionar kroner per år. Ifølge kunngjeringa skal norsk film og tv-drama ha originalskrivne manus på norsk eller samisk og/eller ha eit hovudtema som er knytt til norsk historie, kultur eller samfunnsforhold. For kravet om førstegongsvisning er det lagt til grunn at dette gjeld lineær-tv, og at det ikkje er til hinder for at TV 2 i publiseringssstrategien kan legge opp til å sende dramaseriar på eigne strøymetenester først.

TV 2 opplyser at å formidle moderne historier som er sentrale for det norske publikummet, blir stadig viktigare i ein globalisert strøymemarknad. I 2021 investerte TV 2 111,8 millionar kroner i norsk film og drama.



*Bortført* var den store dramasatsinga til TV 2 i 2021 – her med skodespelarane Anneke Von der Lippe (Alex) og Raida Adon (Layla). Foto: TV 2



Blant produksjonane som blir framheva av TV 2, er *Bortført*, *Kjære landsmenn*, *Idrettsforeldre*, *Bislett bnb* og *Farfar*. *Bortført* var den store dramasatsinga til TV 2 i 2021 og har samfunnsaktualitet og storpolitikk som tema, blanda inn i eit spenningsdrama. Relevante drama for unge var *Etter lørdag* og *Hjerteslag*. *Etter lørdag* tar opp tematikk rundt seksuelt samtykke, mens *Hjerteslag* skildrar ei ung kjærleikshistorie. *Kjære Landsmenn* er ein humordramaserie med utgangspunkt i det norske kongehuset.

I 2021 har TV 2 hatt premiere på følgande produksjonar innanfor kategorien norsk film og tv-drama:

- *Bislett bnb*
- *Bortført*
- *Etter laurdag*
- *Farfar*
- *Hjerteslag*
- *Idrettsforeldre*
- *Julestjerna*
- *Kjære landsmenn*

For *Farfar* og *Hjerteslag* var det i 2021 premiere på høvesvis andre og fjerde sesong, mens det for produksjonane elles var første sesong.



I 2021 var det premiere på fjerde sesong av *Hjerteslag*. Foto: TV 2



Som på programområdet for barn og unge skjer produksjonen hos eksterne produksjonsselskap. Nivået på ressursbruken blir rekna ut frå årlege kostnadsførte ressursar til originalproduksjon eller innkjøp av ferdig produsert norsk film og tv-drama. I tråd med rekneskapsprinsippa til TV 2 blir ikkje investeringa kostnadsført før programmet er sendt, sjølv om ein stor del av investeringa blir gjort på produksjonsstadiet. Investeringar kjem dermed ikkje fram i resultatrekneskapen i rekneskapsrapporten. Dei direkte redaksjonelle produksjonskostnadane/visningskostnadane for desse filmane og seriane var 111,8 millionar kroner i 2021, ein betydeleg auke frå dei to føregåande åra. Tre år inn i avtalen om kommersiell allmennkringkasting har TV 2 dermed allereie investert over 240 millionar kroner i norsk film og tv-drama. TV 2 er med dette allereie nær ved å oppfylle minimumsnivået på 250 millionar kroner, som TV 2 har forplikta seg til å investere i løpet av avtaleperioden på fem år.

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2021 oppfylte kravet om å formidle førstegongsvisningar av norsk film og tv-drama. Med 111,8 millionar kroner oppfylte TV 2 også kravet til investeringar i norsk film og tv-drama. Summen er over det dobbelte av kravet til årleg gjennomsnitt på 50 millionar for kostnader til innkjøp av produksjonar.



# Distribusjon av TV 2s allmennkringkastings- innhald

Allmennkringkastingstilsynet 2021



## 2.4 Allmennkringkastingsoppdraget – distribusjon av allmennkringkastingsinnholdet

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester

### § 3-2 Krav til distribusjon

Leverandøren skal gjøre allmennkringkastingsinnholdet definert i § 3-1 tilgjengelig lineært og ikke-lineært:

- (1) Allmennkringkastingsinnholdet som formidles lineært via fjernsyn skal formidles på TV 2 Hovedkanalen. Kanalen skal kunne tas imot av minst 95 pst. av alle husstander i Norge.
- (2) Allmennkringkastingsinnholdet som formidles ikke-lineært skal gjøres tilgjengelig i TV 2 Sumo. Tjenesten skal være åpent distribuert over Internett.

TV 2 har forplikta seg til å formidle allmennkringkastingsinnholdet som blir formidla lineært via fjernsyn, på TV 2 hovudkanalen. Minst 95 prosent av alle husstandane i Noreg skal kunne ta imot kanalen. Det er presisert i kunngjeringa og vedtaket at kravet gjeld teknisk dekning.

TV 2 opplyser at allmennkringkastingsinnholdet blir sendt på hovudkanalen. Vidare gjer TV 2 greie for at hovudkanalen i 2021 har vore tilgjengeleg som ein del av grunntilbodet hos alle tv-distributørar i den norske marknaden, inkludert satellitt- og bakkenettplattformene.

TV 2 gjer vidare greie for at alt innhald på hovudkanalen også er tilgjengeleg i grunntilbodet i TV 2 Play (tidlegare Sumo), både som lineærkanal og enkeltprogram (direkte og ikkje-lineært). TV 2 Play er tilgjengeleg via internett for alle med normal breibanddekning.

Dei lineære dekningskrava gjeld, som nemnt, teknisk dekning. Krava er oppfylte av TV 2 dei tre første åra av inneverande periode. Medietilsynet har jamvel merka seg at det så langt i avtaleperioden har vore gjentatte brot i forhandlingar mellom TV 2 og distributørar om avtalevilkår, noko som fører til at hovudkanalen i periodar ikkje er tilgjengeleg for kundane til den aktuelle distributøren. For å kunne få tilgang til TV 2 hovudkanalen ved slike brot i forhandlingane må abonnentar ofte byte leverandør av tv- og breibandteneste, noko som ikkje nødvendigvis er enkelt i marknaden for tv-distributørar. Medietilsynet har i evalueringa av kompensasjonsordninga peikt på at kravet i form av teknisk dekningsgrad ikkje er heilt treffsikkert i dagens distribusjonsmarknad. Samtidig føreset ei eventuell alternativ utforming av distribusjonskravet ei grundig utgreiing av marknaden slik at eventuelle endringar ikkje svekker evna som allmennkringkastaren har til å hente distribusjonsinntekter for allmennkringkastingsinnholdet og det andre innhaldet på den aktuelle tv-kanalen.<sup>6</sup>

<sup>6</sup> Medietilsynet (2022) *Evaluering av kompensasjonsordning for kommersiell allmennkringkasting – Rapport frå Medietilsynet til Kultur og likestillingsdepartementet.*

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2021 oppfylte kravet om å formidle allmennkringkastingsinnhaldet lineært på hovedkanalen til TV 2. Ved at TV 2 hovedkanalen i 2021 var tilgjengeleg som ein del av grunntilbodet hos alle tv-distributørar i den norske marknaden, oppfylte TV 2 også kravet om å vere tilgjengeleg i distribusjonsnett som kan bli tatt imot av minst 95 prosent av alle husstandane i Noreg (teknisk dekning).

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2021 også oppfylte kravet om å gjere allmennkringkastingsinnhaldet tilgjengeleg i TV 2 Play, og at denne tenesta skal vere opent distribuert over internett.

# Ansvarleg redaktør og lokalisering av redaksjonell verksemd i TV 2



Allmennkringkastingstilsynet 2021



## 2.5 Allmennkringkastingsoppdraget – ansvarleg redaktør

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester  
**§ 3-3 Krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser**

TV-kanalen hvor allmennkringkastingsinnholdet gjøres tilgjengelig, jf. § 3—2. skal oppfylle følgende krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser:

- (1) TV-kanalen må ha en ansvarlig redaktør som svarer til bestemmelsene i Redaktørplakaten\*

\* <http://www.nored.no/Redaktoerplakaten/Redaktoerplakaten>

Olav T. Sandnes er øvste leiar og ansvarleg redaktør i TV 2 og svarer til føresegne i Redaktørplakaten. Sandnes er medlem og styremedlem i Norsk Redaktørforening. TV 2 er også medlem i Norsk Presseforbund og har slutta seg til Ver Varsam-plakaten.

### Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2021 oppfylte kravet om at tv-kanalen må ha ein ansvarleg redaktør som svarer til føresegne i Redaktørplakaten.

## 2.6 Allmennkringkastingsoppdraget – lokalisering av den redaksjonelle verksemda i Bergen

Dei mediepolitiske måla med kommersiell allmennkringkasting er å halde mediemangfaldet ved lag, sikre ein reell konkurrent til NRK og sikre at det blir produsert og sendt riksdekkande nyheitssendingar utanfor Oslo. I Noreg har mange nyheitsmedium med eit nasjonalt nedslagsfelt redaksjon i Oslo, noko som kan føre til at saker med nasjonal interesse blir presenterte med stor grad av sentraliserte perspektiv og vinklingar. Kravet om lokalisering for TV 2, med redaksjonelt nærvær og nyhetsverksemd utanfor Oslo, sikrar geografisk spreiing av redaksjonelle kontor og bidrar til ei breidde i utval av tema, vinklingar og formidling. I eit mediemangfaldsperspektiv er det derfor viktig med konkurranse mellom nyheits- og aktualitetsmedium om å sette dagsorden med ulike perspektiv, vinklingar og saker.

TV 2 har forplikta seg til at hovudredaksjonen og den sentrale nyhetsredaksjonen skal ligge i Bergen. I allmennkringkastaravtalen er det stilt ei rekke ulike krav knytte til å sikre TV 2s redaksjonelle nærvær og verksemd i Bergen – både gjennom eigne spesifikke krav til organiseringa av redaksjonelle avgjørder og til lokaliseringa av den redaksjonelle arbeidsstaden til medarbeidarane i hovudredaksjonen og i den sentrale nyhetsredaksjonen. Det er også eit krav at nyhetsredaktøren skal ha arbeidsstaden sin i den sentrale nyhetsredaksjonen.

I vedtaket som er ein del av allmennkringkastaravtalen, er det presisert at krava til lokalisering blant anna inneber at Medietilsynet skal føre årleg tilsyn med om TV 2 oppfyller lokaliseringskravet slik dette går fram av kunngjeringa. Det går også fram av vedtaket at



Medietilsynet skal legge til grunn ei skjønnsmessig heilskapsvurdering av om lokaliseringskravet er oppfylt, jf. vedtaket punkt 4.3.1.

Både i 2020 og 2021 avgrensa smittevernreglar knytte til koronapandemien både fysisk nærvær i lokala til TV 2 og reiseverksemda. TV 2 har følgt smitteverntiltaka til myndighetene og tilpassa seg den nye situasjonen journalistisk, teknisk og praktisk. Dette har ført til at TV 2 i 2021, som i 2020, ikkje klarte å oppfylle delar av krava knytte til nærvær i Bergen. TV 2 har gjort greie for korleis verksemda har lagt til rette for at sentrale grupper med redaksjonelle medarbeidrarar har hatt høve til å vere til stades i lokala, og korleis nyheitsoppdraget og sendekritiske funksjonar er tatt vare på. Store delar av TV 2s organisasjon har jobba på heimekontor – også på redaktørnivå. I sum har dette påverka TV 2s høve til å halde fysiske redaktørsmøte. Medietilsynet legg til grunn at koronapandemien, det strenge påbodet frå myndighetene og tiltak for å redusere spreiing av smitte ligg utanfor TV 2s kontroll, og at ei oppfylling av alle krava knytte til lokalisering i 2021 ville ført til brot på smittevernreglar eller utsett medarbeidrarar for uforsvarleg risiko.

### Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2021 oppfylte dei fleste krava knytte til lokalisering i Bergen. TV 2 har lagt hovudredaksjonen til Bergen, noko som tilfredsstiller kravet om at hovudredaksjonen skal vere lokalisiert minst 100 kilometer utanfor Oslo sentrum. To vilkår skal vere oppfylte for hovudredaksjonen. Medietilsynet vurderer at TV 2 både har tatt majoriteten av dei redaksjonelle avgjerdene om programsamansettinga til hovudkanalen i Bergen, og at majoriteten av dei redaksjonelt tilsette som er engasjerte i verksemda til kanalen, har arbeidsstaden sin i Bergen. Den nærmare vurderinga går fram av punkt 2.6.1 og 2.6.2.

TV 2 har lagt den sentrale nyhetsredaksjonen til Bergen, noko som tilfredsstiller kravet om at den sentrale nyhetsredaksjonen skal vere lokalisiert minst 100 kilometer utanfor Oslo. Som for hovudredaksjonen må to vilkår vere oppfylte. Medietilsynet vurderer at TV 2 oppfylte kravet om at majoriteten av dei redaksjonelt tilsette som er engasjerte i nyheitssendingane, har arbeidsstad i Bergen, men ikkje kravet om at majoriteten av dei redaksjonelle avgjerdene knytte til nyheitssendingane skal takast i den sentrale nyhetsredaksjonen. Den nærmare vurderinga går fram av punkt 2.6.3 og 2.6.4.

Medietilsynet har komme til at TV 2 i 2021 ikkje oppfyller kravet om at nyhetsredaktøren skal ha arbeidsstaden sin ved den sentrale nyhetsredaksjonen for den delen av stillinga som er knytt til allmennkringkastingsoppdraget, og den nærmare vurderinga går fram av punkt 2.6.5.

Medietilsynet vil ikkje følge opp brota på lokaliseringskrava med reduksjon av kompensasjon eller sanksjonar, jf. føresegna om force majeure i avtalen om kommersiell allmennkringkasting punkt 4.6.



## 2.6.1 Allmennkringkastingsoppdraget – redaksjonelle avgjørder ved hovudkontoret

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester  
**§ 3-3 Krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser**

TV-kanalen hvor allmennkringkastingsinnholdet gjøres tilgjengelig, jf. § 3—2. skal oppfylle følgende krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser:

- (2) TV-kanalens hovedredaksjon skal være lokalisert i Norge, minst 100 km utenfor Oslo sentrum.  
 Med TV-kanalens hovedredaksjon menes:
  - stedet der majoriteten av TV-kanalens redaksjonelle beslutninger om programsammensetningen tas

Jamfør vedtaket punkt 4.1 siste setning om at krava om lokalisering «skal være oppfylt ved avtalens ikrafttredelse» og punkt 4.3 som presiserer lokaliseringskrava:

Ifølge Kunngjøringen kapittel 6.3 gjelder følgende kumulative krav til lokalisering:

1. TV-kanalens hovedredaksjon skal være lokalisert i Norge, minst 100 km utenfor Oslo sentrum. Med TV-kanalens hovedredaksjon menes:
  - stedet der majoriteten av TV-kanalens redaksjonelle beslutninger om programsammensetningen tas

Departementet har i løpet av søknadsbehandlingen hatt dialog med TV 2 om lokaliseringskravene og TV 2s redegjørelse for hvordan selskapet har til hensikt å oppfylle kravene. Nedenfor følger en presisering av lokaliseringskravet i Kunngjøringen.

### 4.3.2. Krav til TV 2s hovedredaksjon

TV 2 må årlig dokumentere at majoriteten av de redaksjonelle beslutningene om programsammensetningen tas i hovedredaksjonen, ved eksempelvis å dokumentere hvordan det redaksjonelle arbeidet organiseres og hvor avgjørelsene tas. Med redaksjonelle beslutninger menes både større beslutninger om sendeskjema, satsinger, innkjøp av programmer mv., og mindre (løpende) beslutninger om avvikling, sendetidspunkt, publisering mv. Majoriteten av både slike større og mindre beslutninger må tas ved TV 2s hovedredaksjon.

TV 2 gjer greie for at hovedredaksjonen ligg i Bergen, og at dei redaksjonelle avgjerdene knytte til programsamansettinga blir tatt der. TV 2 beskriv at redaktørermøta som vedtar redaksjonell profil og strategi og treffer overordna redaksjonelle avgjørder, blir haldne i lokala til TV 2 i Media City i Bergen. I desse møta deltar sjefredaktør Olav T. Sandnes og redaktørgruppa, som består av nyheitsredaktør, sportsredaktør og programredaktør. Direktøren for publisering og innholdsstrategi deltar også i desse møta. Gjennom 2021 har TV 2 halde alle redaktørermøta ved hovedredaksjonen i Bergen.

I avtalen er det presisert at redaksjonelle avgjørder betyr «*både større beslutninger og sendeskjema, satsinger, innkjøp av programmer mv. og mindre (løpende beslutninger) om avvikling, sendetidspunkt, publisering mv.*», jf. vedtaket punkt 4.3.2. TV 2 har stadfesta at utgreiinga om organiseringa av den redaksjonelle verksemda i søknaden framleis er



dekkande.<sup>7</sup> Større avgjerder knytte til endringar i sendeskjema, profil og nye satsingar blir tatt i redaktørmøtet i Bergen. Redaktørmøtet tar også redaksjonelle avgjerder knytte til innkjøp av nye program.

Nyheitsredaktøren er ansvarleg for all produksjon av nyheter og aktualitetar utanfor sportsområdet. I tillegg til nyhets- og aktualitetsprogram omfattar denne delen av verksemda blant anna redaksjonen for *Vårt lille land*. Sportsredaktøren er ansvarleg for produksjonen av sportsnyheter og andre sportsprogram. Programredaktøren har både redaksjonelt og operasjonelt ansvar for eksterne produksjonar, som utgjer ein stor del av sendeflata på hovudkanalen.

TV 2 har gjort greie for at dei løpende redaksjonelle avgjerdene knytte til nyheitssendingane utgjer ein vesentleg del av dei redaksjonelle avgjerdene for kanalen sett under eitt. TV 2 har på førespurnad frå Medietilsynet opplyst at det redaksjonelle nærværet ved Nyhetene i Bergen er styrkt i 2021 ved at TV 2 har oppretta ei ny stilling som nyheitssjef. Nyheitssjefen er lokalisert i Bergen og er den som avløyser nyheitsredaktøren. I tillegg har ein stor del av dei som jobbar i kanalavdelinga, arbeidsstad i Bergen, blant andre leiaren for publisering og «playout». Kanalavdelinga er ansvarleg for planlegginga og avviklinga i kanalen, som sendeskjema og sendetidspunkt.

Samla viser utgreiinga at majoriteten av redaksjonelle avgjerder for hovudkanalen blir tatt i hovudredaksjonen i Bergen.

### Konklusjon:

TV 2 har lagt hovudredaksjonen til Bergen, noko som tilfredsstiller kravet om at hovudredaksjonen skal vere lokalisert minst 100 kilometer utanfor Oslo sentrum. Kravet om hovudredaksjon blir ifølge avtalen delvis oppfylt ved at Bergen er staden der majoriteten av dei redaksjonelle avgjerdene til TV 2 blir tatt. TV 2 har gjort greie for korleis det redaksjonelle arbeidet er organisert og kvar dei redaksjonelle avgjerdene blir tatt. Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2021 oppfylte kravet om at majoriteten av både større og mindre avgjerder knytte til programsamansetninga blir tatt i hovudredaksjonen i Bergen.

<sup>7</sup> TV 2 har opplyst Medietilsynet om at den tidlegare stillinga kanaldirektør er erstatta med direktør for publisering og innhaldsstrategi, men at endringa verken har betydning for omfang og lokalisering av redaksjonelle avgjerder eller dei redaksjonelle rapporteringslinjene.



## 2.6.2 Allmennkringkastingsoppdraget – redaksjonelle medarbeidrar i hovedredaksjonen

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester

### § 3-3 **Krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser**

TV-kanalen hvor allmennkringkastingsinnholdet gjøres tilgjengelig, jf. § 3—2. skal oppfylle følgende krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser:

(2) TV-kanalens hovedredaksjon skal være lokalisert i Norge, minst 100 km utenfor Oslo sentrum. Med TV-kanalens hovedredaksjon menes:

- stedet der majoriteten av TV-kanalens redaksjonelt ansatte engasjert i TV-kanalens virksomhet har sitt arbeidssted

Jamfør vedtaket punkt 4.1 siste setning om at krava om lokalisering «skal være oppfylt ved avtalens ikrafttredelse» og punkt 4.3 som presiserer lokaliseringskrava:

Ifølge Kunngjøringen kapittel 6.3 gjelder følgende kumulative krav til lokalisering:

1. TV-kanalens hovedredaksjon skal være lokalisert i Norge, minst 100 km utenfor Oslo sentrum. Med TV-kanalens hovedredaksjon menes:

- stedet der majoriteten av TV-kanalens redaksjonelt ansatte har sitt arbeidssted

Departementet har i løpet av søknadsbehandlingen hatt dialog med TV 2 om lokaliseringskravene og TV 2s redegjørelse for hvordan selskapet har til hensikt å oppfylle kravene. Nedenfor følger en presisering av lokaliseringskravet i Kunngjøringen.

#### 4.3.2. Krav til TV 2s hovedredaksjon

(...)

TV 2 må årlig dokumentere hvor mange redaksjonelle årsverk som kreves totalt for å levere hovedkanalen. Flere enn halvparten av disse årsverkene skal ha hovedredaksjonen som sitt arbeidssted. Arbeidssted skal dokumenteres gjennom objektiv informasjon, f.eks. ved arbeidskontrakt, stillingsbeskrivelse eller annen dekkende informasjon. TV 2 må også årlig legge fram et oppdatert organisasjonskart for Medietilsynet, og vise hvor de redaksjonelt ansatte kan gjenfinnes i organisasjonskartet.

#### 4.3.5. Særlig om redaksjonelle stillinger ved TV 2s distriktskontorer

De redaksjonelt ansatte med arbeidssted ved TV 2s distriktskontorer kan ikke regnes som del av de redaksjonelt ansatte med arbeidssted ved hovedredaksjonen og den sentrale nyhetsredaksjonen.

#### 4.3.6. Særlig om redaksjonelle stillinger under "Teknologi"

Følgende stillingskategorier under området "Teknologi" er per nå å betrakte som redaksjonelle ansatte: Teknisk vaktsjef, TOM - teknisk leder og grafikkutvikler/avvikler. TV 2 må årlig dokumentere hvor mange årsverk under "Teknologi" som har de nevnte stillingstittlene, og løpende gjøre rede for at disse er redaksjonelle stillinger, og dokumentere hvor de har sitt arbeidssted.

Ifølge lokaliseringskravet må TV 2 årleg dokumentere kor mange redaksjonelle årsverk som krevst totalt for å levere hovedkanalen. Kravet om at majoriteten av redaksjonelt tilsette skal ha arbeidsstad ved hovedredaksjonen, krev ei avgrensing av kven som er redaksjonelt tilsett opp mot andre tilsette. TV 2 har lagt til grunn at redaksjonelt tilsette er tilsette som bidrar til eller har innverknad på korleis kanalen eller det redaksjonelle innhaldet er sett saman. TV 2 vurderer konkret funksjonsområde, stillingsbeskriving, ansvarsområde og faktiske arbeidsoppgåver i klargjeringa av kva for tilsette som kan reknast som redaksjonelle.




Redaksjonelle medarbeidarar som ikkje leverer til hovudkanalen og/eller nyheitssendingane på hovudkanalen, blir trekte ut.

Systemet for å identifisere og fordele dei redaksjonelt tilsette som leverer til hovudkanalen, ligg til grunn for TV 2s rapportering av talet på redaksjonelle medarbeidarar i malen som Medietilsynet har utarbeidt for å rapportere det rekneskapsmessige skiljet.<sup>8</sup> Medietilsynet har i tillegg fått eit oppdatert organisasjonskart frå 2021 med spesifikasjon over kva for avdelingar som er inkluderte som redaksjonelle årsverk. TV 2 har også lagt fram full oversikt over tilsette som er identifiserte som redaksjonelle medarbeidarar som leverer til hovudkanalen, med årsverk og tilhøyrsel til avdeling og kontor (lokalisering).

Rapporteringa frå TV 2 for 2021 viser at det totalt er 244,5 årsverk knytte til hovudkanalen, fordelt med 127,2 årsverk i Bergen og 117,3 årsverk på andre kontor. Oversikten viser at 52 prosent av dei redaksjonelt tilsette i hovudkanalen har Bergen som arbeidsstad.

Figur 1 og 2 viser korleis dei redaksjonelle årsverka fordeler seg mellom dei som har arbeidsstad ved hovudredaksjonen i Bergen og dei som har arbeidsstad andre stader i landet.

*Figur 1 – antal redaksjonelle årsverk ved hovudredaksjonen i Bergen og andre kontor per 31. desember 2021*




Kjelde: TV 2

<sup>8</sup> I rapportmalen som TV 2 nyttar, blir desse tala rapporterte i tabell 4, «Redaksjonelle medarbeidere».



*Figur 2 – fordeling mellom dei redaksjonelle årsverka i Bergen og andre kontor per 31. desember 2020*



Kjelde: TV 2

I tråd med utgreiinga i søknaden frå TV 2 og presiseringane som er gjorde i allmennkringkastaravtalen, blir følgande stillinger/område i organisasjonen til TV 2 omfatta av omgrepet redaksjonelle medarbeidrarar med relasjon til allmennkringkastingsoppdraget: **kanal**: direktør for publisering og strategi, planleggarar, utspeling og publisering, hovudkontroll, kreative leiarar, promo (produksjon), **program**: utvikling, prosjektleiarar/fagsjefar, talentutviklarar, programleiarar og produksjonsleiarar, **nyheter og aktualitet/sport**: journalistar/reporterar, vaktsjefar, reportasjleiarar, anker/programleiarar, kommentatorar, redigerarar, deskmedarbeidrarar, **innholdsproduksjon**: fotografar, fotoredigerarar, fleirkameraoperatørar, design- og grafikkmedarbeidrarar, **teknologi**: teknisk vaktsjef, TOM – teknisk leiar, grafikkutviklarar/avviklarar.

TV 2 har gjort eit uttrekk frå sitt personalsystem (Agresso) over alle fast tilsette og tilsette i engasjement og tildelt ressursane som går til redaksjonen, hovudkanalen og nyhetsredaksjonen ut frå stillingstittel og avdelings- og prosjektilhøyrsel.

TV 2 har nytta årsaksprinsippet som eit gjennomgåande prinsipp for fordelinga av redaksjonelle medarbeidrarar, både mellom allmennkringkastingsverksemda og anna verksemd og mellom lokasjonar. I dette ligg at ressursane er fordelt til den lokasjonen der personen/stillinga er heimehøyrande, basert på registrert arbeidsstad i Agresso. TV 2 har tidlegare gjort greie for at det vanlegvis er eit samanfall mellom organisatorisk tilhøyrsel og fysisk arbeidsstad og kontor. I dei tilfella dette ikkje er klart, har TV 2 nytta eit overvektsprinsipp, ved at ressursane er fordelt til det verksemdsområdet der personen/stillinga bruker hovuddelen av arbeidstida si, altså meir enn 50 prosent. Nokre av dei tilsette jobbar berre for hovudkanalen, mens andre inngår i ein turnus som leverer eit visst antal årsverk til hovudkanalen. Dei redaksjonelle medarbeidarane er derfor oppgitt med årsverk frå større enn 0 og opp til 1. TV 2 har opplyst at leiarar med avgjerdsmyndigheit innanfor det redaksjonelle området, er rekna med, mens administrative stillingar ikkje er medrekna.



Medietilsynet legg til grunn at prinsippa TV 2 har nytta, er eigna til å sikre at det er ein årsakssamanhang mellom dei redaksjonelle ressursane TV 2 nyttar til å levere hovudkanalen og allmennkringkastingsoppdraget. Dokumentasjonen TV 2 har lagt fram, bygger på ein gjennomgang gjort av avdelingsleiarar og underredaktørar i TV 2. Dei har gått gjennom oversikta over tilsette i sine respektive einingar og har ut frå prinsippa som er beskrivne over, dokumentert kor mange redaksjonelle årsverk som blir brukte til å løyse oppgåvene med å levere hovudkanalen.

Medietilsynet vurderer at oversikta TV 2 har lagt fram, stadfestar at dei redaksjonelt tilsette med arbeidsstad ved distriktskontora til TV 2 ikkje er medrekna i andelen redaksjonelt tilsette ved hovudredaksjonen i Bergen. For området teknologi er det særleg spesifisert i vedtaket at TV 2 årleg må dokumentere kor mange årsverk som har dei nemnde stillingstitlane, og løpende gjere greie for at desse er redaksjonelle stillingar. Medietilsynet vurderer at dei stillingane som TV 2 har oppført som redaksjonelle på området teknologi, kan bli rekna som redaksjonelle i tråd med presiseringane i allmennkringkastaravtalen.

Lokaliseringsskravet skal forståast slik at det skal vere oppfylt gjennom heile året. Medietilsynet har derfor også sett nærmare på utviklinga i redaksjonelle årsverk frå utgangen av 2020. Undersøkinga viser at talet har vore stabilt og at det også har vore ei viss grad av styrking av hovudredaksjonen etter reduksjonen i 2019 – det første året med avtalen. I 2020 vaks hovudredaksjonen til TV 2 mest i Bergen ved at 3,2 årsverk av ein total auke på 5,2 årsverk skjedde der. I 2021 var det ein liten reduksjon i talet på årsverk på 1,47 (1,52 blei reduserte i Bergen og 0,05 auka på andre kontor). Tilsynet med lokaliseringsskravet viser at det var få flyttingar mellom kontora både i 2020 og i 2021. 114, 2 av dei 127,2 årsverka i Bergen ved årsskiftet 2021–2022 var også i Bergen eitt år tidlegare. Dei resterande tolv årsverka er nytilsettingar. Medietilsynet legg dermed til grunn at TV 2 har oppfylt kravet om å ha majoriteten av dei redaksjonelle medarbeidarane ved hovudkontoret i Bergen gjennom heile året i 2021.

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2021 oppfylte kravet om at majoriteten av dei redaksjonelt tilsette som er engasjerte i verksemda til tv-kanalen, skal ha arbeidsstaden sin ved hovudredaksjonen i Bergen.



## 2.6.3 Allmennkringkastingsoppdraget – redaksjonelle avgjørder i den sentrale nyhetsredaksjonen

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester **§ 3-3 Krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser**

TV-kanalen hvor allmennkringkastingsinnholdet gjøres tilgjengelig, jf. § 3—2. skal oppfylle følgende krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser:

- (3) TV-kanalens sentrale nyhetsredaksjon skal ligge i Norge, minst 100 km utenfor Oslo sentrum.
- (4) Majoriteten av leverandørens redaksjonelle avgjørelser knyttet til nyhetssendingene skal tas i den sentrale nyhetsredaksjonen.

Jamfør vedtaket punkt 4.3 som presiserer lokaliseringsskrava:

Ifølge Kunngjøringen kapittel 6.3 gjelder følgende kumulative krav til lokalisering:

2. TV-kanalens sentrale nyhetsredaksjon skal ligge i Norge, minst 100 km utenfor Oslo sentrum.
3. Majoriteten av søkerens redaksjonelle avgjørelser knyttet til nyhetssendingene skal tas i den sentrale nyhetsredaksjonen.

TV 2 har i sin søknad vist til at TV-kanalens hovedredaksjon og sentrale nyhetsredaksjon skal ligge i Bergen.

Departementet har i dialog med TV 2 presisert at kravene til lokalisering bl.a. innebærer at Medietilsynet vil føre et årlig tilsyn med om TV 2 oppfyller lokaliseringsskravet slik dette fremgår av Kunngjøringen. Medietilsynet vil legge til grunn en skjønnsmessig helhetsvurdering for oppfyllelsen av lokaliseringsskravet.

Departementet har i løpet av søknadsbehandlingen hatt dialog med TV 2 om lokaliseringsskravene og TV 2s redegjørelse for hvordan selskapet har til hensikt å oppfylle kravene. Nedenfor følger en presisering av lokaliseringsskravet i Kunngjøringen.

### 4.3.3. Krav til TV 2s sentrale nyhetsredaksjon

TV 2 må årlig dokumentere at majoriteten av de redaksjonelle avgjørelsene knyttet til nyhetssendingene tas i den sentrale nyhetsredaksjonen, ved f.eks. å dokumentere hvordan det redaksjonelle arbeidet i nyhetssendingene organiseres og hvor avgjørelsene tas.

TV 2 har lagt den sentrale nyhetsredaksjonen til Bergen. I søknaden viste TV 2 til at nyheitssendingane blir avvikla frå studio i Bergen, at utspelinga skjer i Bergen, og at alle funksjonar knytte til publiseringa er lokaliserte i Bergen. Vidare gjorde TV 2 greie for at dei daglege, løpende redaksjonelle avgjerdene om innhaldet i nyheitssendingane på hovudkanalen, blir tatt på desken av vaktsjefar i Bergen. I tillegg held produsentar, fotografar, grafikkavviklarar og andre som bidrar til produksjonen og avviklinga av nyheitssendingane, til i Bergen.

TV 2 har tidlegare forklart til Medietilsynet at TV 2 Nyhetene har daglege felles morgonmøte (Bergen, Oslo og lokalkontora) om journalistisk retning og prioriteringar for plattformene og kanalane til TV 2, inkludert hovudsendingane på TV 2. Nyheitsredaktøren leiar møtet som prioriterer dei mest omfattande journalistiske ressursane mot 18.30- og 21-nyhetene. I 2021 har TV 2 tilsett ein nyheitssjef, som er ei ny stilling lokalisiert ved den sentrale nyhetsredaksjonen i Bergen, og som er avløysar for nyheitsredaktøren.



I allmennkringkastarrekneskapen stadfestar TV 2 utgreiinga i søknaden om at vaktsjefane har delegert redaktøransvar, er til stades i den sentrale nyhetsredaksjonen i Bergen og tar alle løpende redaksjonelle avgjerder knytte til nyheitssendingane på hovudkanalen. I omfang blir dermed den største delen av dei redaksjonelle avgjerdene tatt av vaktsjefane for kveldssendingane. Nyhetsredaktøren Karianne Solbrække har arbeidsstad i Bergen for alle oppgåvene knytte til leveransane frå TV 2 Nyhetene til hovudkanalen. TV 2 har tidlegare opplyst at nyhetsredaktøren er fast i Bergen to dagar i veka og er i den sentrale nyhetsredaksjonen 80 prosent av den delen av stillinga (50 prosent stilling) som er knytt til allmennkringkastingsoppdraget. I 2020 nytta TV 2 heimekontor for å oppfylle smittevernkrav knytte til koronapandemien. Samtidig søkte TV 2 å sikre avvikling av sendingane og at sentrale grupper med redaksjonelle medarbeidrarar kunne vere til stades i lokala, og TV 2 etablerte turnusordningar for grupper der fysisk nærvær var ønskeleg, men ikkje påkravd. 2021 blei også prega av periodar med påbod og anbefalingar om heimekontor frå myndighetene, der ein stor del av den redaksjonelle staben til TV 2 praktiserte heimekontor i tråd med desse anbefalingane.

TV 2 har på førespurnad frå Medietilsynet gitt ytterlegare opplysningar om korleis faktisk nærvær i TV 2s lokale blei gjennomført i 2021 for å både oppfylle smittevernkrav og sikre avvikling av sendingane. I periodane der heimekontor var påbode av myndighetene, var alle medarbeidarane til TV 2 på heimekontor. Unntaket var sendekritisk personale, som anker/programleiarar, TOM-ar (tekniske leiarar), produsentar, utspelingsprodusentar og fotografar. Leiarar, inkludert nyhetsredaktøren, har i hovudsak nytta heimekontor, men dei redaksjonelle leiarane for *Urix* og *Landslaget* har vore noko meir til stades i lokala i Bergen. TV 2 har også hatt reporterar på arbeid i lokala i periodane med påbod. I perioden der myndighetene lempa tiltaka frå påbod til anbefaling om heimekontor, opna TV 2 opp for meir bruk av kontorlokala både i Bergen og Oslo. Av omsyn til beredskap for nyheitssendingane har likevel TV 2 ført ei restriktiv linje og halde oppe krav om avstand mykje lenger enn andre verksemder. Bruk av heimekontor i TV 2 har derfor vore noko meir omfattande enn det som har vore påbode/anbefalt.

**Konklusjon:**

TV 2 har lagt den sentrale nyheitsredaksjonen til Bergen, noko som tilfredsstiller kravet om at denne redaksjonen skal vere lokalisiert minst 100 kilometer utanfor Oslo sentrum. Kravet om ein sentral nyheitsredaksjon blir ifølge avtalen delvis oppfylt ved at Bergen er staden der majoriteten av dei redaksjonelle avgjerdene knytte til nyheitssendingane til TV 2, blir tekne.

TV 2 har gjort greie for korleis det redaksjonelle arbeidet med nyheitssendingane er organisert og kor dei redaksjonelle avgjerdene blir tekne. I 2021 har delar av redaksjonen i større eller mindre grad utført arbeidet sitt frå heimekontor, inkludert nyheitsredaktøren, som berre tidvis har vore fysisk til stades i lokala i Bergen. TV 2 har ikkje oppfylt kravet om at nyheitsredaktøren skal ha arbeidsstaden sin ved den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen i 2021 – sjá nærmare om dette i punkt 2.6.5. TV 2 har like fullt gjort greie for at sendekritisk personale har vore til stades i lokala under heile perioden for å sikre fysisk nærvær ved hovudkontoret for sentrale redaksjonelle medarbeidarar.

TV 2s organisering av den redaksjonelle nyhetsverksemda med delegert redaktøransvar tilseier at ein betydeleg del av dei løpende redaksjonelle avgjerdene blir tekne av vaktsjefane på desken. Medietilsynet legg til grunn at eit sentralt moment i vurderinga av om TV 2 har oppfylt kravet om at majoriteten av dei redaksjonelle vurderingane blir tekne ved den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen, også er om kravet til nærværet av nyheitsredaktøren er oppfylt. Etter ei samla vurdering har Medietilsynet komme til at TV 2 i 2021 ikkje oppfylte kravet om at majoriteten av både større og mindre avgjerder knytte til nyheitene blei tekne ved den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen. Dette kom av hindringar som ligg utanfor TV 2s kontroll på grunn av koronapandemien, og Medietilsynet kjem derfor ikkje til å følge opp dette brotet vidare.



## 2.6.4 Allmennkringkastingsoppdraget – redaksjonelle medarbeidrarar i den sentrale nyhetsredaksjonen

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester **§ 3-3 Krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser**

TV-kanalen hvor allmennkringkastingsinnholdet gjøres tilgjengelig, jf. § 3—2. skal oppfylle følgende krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser:

(5) Majoriteten av leverandørens redaksjonelt ansatte engasjert i nyhetssendingene skal ha sitt arbeidssted ved den sentrale nyhetsredaksjonen. De redaksjonelt ansatte med arbeidssted ved Leverandørens distriktskontorer kan ikke regnes som del av de redaksjonelt ansatte med arbeidssted ved hovedredaksjonen og den sentrale nyhetsredaksjonen.

Jamfør vedtaket punkt 4.3 som presiserer lokaliseringsskrava:

Ifølge Kunngjøringen kapittel 6.3 gjelder følgende kumulative krav til lokalisering:

4. Majoriteten av søkerens redaksjonelt ansatte engasjert i nyhetssendingene skal ha sitt arbeidssted ved den sentrale nyhetsredaksjonen.

Departementet har i dialog med TV 2 presisert at kravene til lokalisering bl.a. innebærer at Medietilsynet vil føre et årlig tilsyn med om TV 2 oppfyller lokaliseringsskravet slik dette fremgår av Kunngjøringen. Medietilsynet vil legge til grunn en skjønnsmessig helhetsvurdering for oppfyllelsen av lokaliseringsskravet.

Departementet har i løpet av søknadsbehandlingen hatt dialog med TV 2 om lokaliseringsskravene og TV 2s redegjørelse for hvordan selskapet har til hensikt å oppfylle kravene. Nedenfor følger en presisering av lokaliseringsskravet i Kunngjøringen.

### 4.3.3. Krav til TV 2s sentrale nyhetsredaksjoner

TV 2 må årlig dokumentere hvor mange redaksjonelle årsverk som kreves totalt for å levere nyhetssendingene knyttet til allmennkringkastingsoppdraget, og at flere enn halvparten av disse årsverkene har den sentrale nyhetsredaksjonen som sitt arbeidssted. Arbeidssted skal dokumenteres gjennom objektiv informasjon, f.eks. ved arbeidskontrakt, stillingsbeskrivelse eller annen dekkende informasjon.

### 4.3.5. Særlig om redaksjonelle stillinger ved TV 2s distriktskontorer

De redaksjonelt ansatte med arbeidssted ved TV 2s distriktskontorer kan ikke regnes som del av de redaksjonelt ansatte med arbeidssted ved hovedredaksjonen og den sentrale nyhetsredaksjonen.

### 4.3.6. Særlig om redaksjonelle stillinger under "Teknologi"

Følgende stillingskategorier under området "Teknologi" er per nå å betrakte som redaksjonelle ansatte: Teknisk vaksjef, TOM - teknisk leder og grafikkutvikler/avvikler. TV 2 må årlig dokumentere hvor mange årsverk under "Teknologi" som har de nevnte stillingstittlene, og løpende gjøre rede for at disse er redaksjonelle stillinger, og dokumentere hvor de har sitt arbeidssted.

Ifølge lokaliseringsskravet må TV 2 årleg dokumentere kor mange redaksjonelle årsverk som totalt trengst for å levere nyheitssendingane knytte til allmennkringkastingsoppdraget, og at fleire enn halvparten av desse årsverka har arbeidsstad i den sentrale nyhetsredaksjonen. Det å levere nyheitssendingane i allmennkringkastingsoppdraget utgjer ein stor del av den redaksjonelle verksemda i hovudkanalen til TV 2.

På same måten som for allokeringa av ressursar til redaksjonen i hovudkanalen har TV 2 tildelt ressursane til den sentrale nyhetsredaksjonen ut frå stillingstittel, avdelings- og



prosjektilhørsel basert på uttrekk frå personalsystemet (Agresso) over alle tilsette og tilsette i engasjement. Dei redaksjonelle medarbeidarane er oppgitte med årsverk og fordele i tråd med årsaksprinsippet, som er gjort nærmare greie for i del 2.6.2. Medietilsynet legg til grunn at prinsippa som TV 2 har nytta, er eigna til å sikre at det er ein årsakssamanhang mellom dei redaksjonelle ressursane som TV 2 nytta til å leverere hovudkanalen og allmennkringkastingsoppdraget. I tråd med retningslinjene for det rekneskapsmessige skiljet har TV 2 laga eit organisatorisk skilje mellom dei aktuelle einingane som leverer til nyheitene innanfor allmennkringkastingsoppdraget.

Systemet for å identifisere og fordele dei redaksjonelt tilsette som leverer til nyheitssendingane knytte til allmennkringkastingsoppdraget, ligg til grunn for rapporteringa TV 2 gjer av talet på redaksjonelle medarbeidrarar i malen som Medietilsynet har utarbeidd for å rapportere det rekneskapsmessige skiljet.<sup>9</sup> TV 2 har lagt fram for Medietilsynet dei rutinane og prinsippa som er nytta for å identifisere desse redaksjonelle årsverka. I tillegg har TV 2 lagt fram eit oppdatert organisasjonskart frå 2021 som gir oversikt over tilsette som er identifiserte som redaksjonelle medarbeidrarar, som leverer til hovudkanalen og nyheitssendingane knytte til allmennkringkastingsoppdraget – med årsverk og lokalisering.

Rapporteringa frå TV 2 for 2021 viser at det totalt er 169,9 årsverk knytte til den sentrale nyheitsredaksjonen – fordelte med 100,9 årsverk i Bergen og 69 årsverk på dei andre kontora. Oversikten viser at 59,4 prosent av dei redaksjonelt tilsette i den sentrale nyheitsredaksjonen har Bergen som arbeidsstad.


Figur 3 og 4 viser korleis dei redaksjonelle årsverka fordeler seg mellom dei som har arbeidsstad ved den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen, og dei som har andre kontor som arbeidsstad.

---

<sup>9</sup> I rapportmalen som TV 2 nytta, blir desse tala rapporterte i tabell 4, «Redaksjonelle medarbeidere».




*Figur 3 – antal redaksjonelle årsverk i den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen og andre kontor per 31. desember 2021*



Kjelde: TV 2

*Figur 4 – fordeling mellom dei redaksjonelle årsverka ved den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen og andre kontor per 31. desember 2021*



Kjelde: TV 2

Lokaliseringsskravet skal vere oppfylt gjennom heile året. Medietilsynet har derfor også sett nærmare på utviklinga i redaksjonelle årsverk frå utgangen av 2020. Som vist i punkt 2.3.3, er det avgrensa omfang av årsverk som er flytta mellom kontora gjennom året. I løpet av 2021 er det registrert éi flytting frå Oslo til Bergen og éi flytting frå Bergen til Tromsø. Talet på årsverk knytte til å levere nyheitssendingane auka med 1,46, og av desse blei 1,07 reduserte i Bergen og 2,53 auka på andre kontor. Medietilsynet legg dermed til grunn at TV 2 har oppfylt kravet om å ha majoriteten av dei redaksjonelle medarbeidarane ved den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen heile året.



### Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2021 oppfylte krava om at majoriteten av dei redaksjonelt tilsette som er engasjert i nyheitssendingane, har arbeidsstaden sin i den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen.

## 2.6.5 Allmennkringkastingsoppdraget – nyhetsredaktøren

### Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester § 3-3 *Krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser*

TV-kanalen hvor allmennkringkastingsinnholdet gjøres tilgjengelig, jf. § 3—2. skal oppfylle følgende krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser:

(6) Nyhetsredaktøren skal ha sitt arbeidssted ved den sentrale nyhetsredaksjonen

Jamfør vedtaket punkt 4.3 som presiserer lokaliseringskrava:

5. Nyhetsredaktøren skal ha sitt arbeidssted ved den sentrale nyhetsredaksjonen.

#### *4.3.4. Krav til nyhetsredaktørens arbeidssted*

TV 2 må årlig dokumentere at nyhetsredaktøren har den sentrale nyhetsredaksjonen som sitt arbeidssted for den delen av vedkommendes stilling som er knyttet til allmennkringkastingsoppdraget.

Dersom TV 2 ansetter ny nyhetsredaktør i løpet av avtaleperioden skal vedkommende ha sitt hovedarbeidssted ved den sentrale nyhetsredaksjonen.

Allmennkringkastaravtalen stiller krav om at nyhetsredaktøren skal ha arbeidsstaden sin ved den sentrale nyhetsredaksjonen. I søknaden gjorde TV 2 greie for at selskapet allereie hadde ein felles nyhets- og aktualitetsredaktør for alle kanalane og flatene, inkludert hovudkanalen, TV 2 Nyhetskanalen og Tv2.no. TV 2 viste til at sjølv om både hovudkontor, hovedredaksjon og sentral nyhetsredaksjon ligg i Bergen, er det nødvendig med eit betydeleg tal på redaksjonelle medarbeidrarar i Oslo. TV 2 meinte at kravet om arbeidsstad for nyhetsredaktøren måtte kunne oppfyllast gjennom delt arbeidsstad mellom Bergen og Oslo.

Kulturdepartementet presiserte i vedtaket at TV 2 årleg må dokumentere at nyhetsredaktøren har den sentrale nyhetsredaksjonen som sin arbeidsstad for den delen av stillinga som er knytt til allmennkringkastingsoppdraget. Kravet om arbeidsstad for nyhetsredaktøren er utforma ut frå at nyhetsredaktør Karianne Solbrække har delt arbeidsstad.<sup>10</sup> 50 prosent av stillinga til nyhetsredaktøren er knytt til allmennkringkastingsoppdraget, og nyhetsredaktøren pendlar på fast basis mellom Bergen og Oslo.

<sup>10</sup> Det går fram av allmennkringkastaravtalen at dersom TV 2 tilset ny redaktør i avtaleperioden, skal vedkommende ha hovedarbeidsstaden ved den sentrale nyhetsredaksjonen.



TV 2 gjer greie for at redaktormøta med sjefredaktøren og redaktørgruppa blir haldne i Bergen. Nyheitsredaktør Karianne Solbrække er ein del av denne gruppa. TV 2 opplyser at ho har arbeidsstad i Bergen for oppgåvene knytte til leveransane som TV 2 Nyhetene har til hovudkanalen TV 2. TV 2 har tidlegare opplyst at nyheitsredaktøren har to arbeidsdagar i Bergen fast kvar veke. Med to faste dagar i Bergen kvar veke oppheld nyheitsredaktøren seg i den sentrale nyheitsredaksjonen 80 prosent av den delen av stillinga (50 prosent) som er knytt til allmennkringkastingsoppdraget.

Basert på overvektsprinsippet<sup>11</sup> taler dette for at TV 2 oppfyller kravet om at arbeidsstaden til nyheitsredaktøren skal vere ved den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen. Som 2020 blei 2021 prega av koronapandemien og periodar med påbod og anbefalingar om heimekontor frå myndighetene, der ein stor del av den redaksjonelle staben til TV 2 praktiserte heimekontor i tråd med desse anbefalingane. Nyheitsredaktøren har som følge av påbod om heimekontor og reiserestriksjonar under koronapandemien også berre tidvis hatt fysisk nærvær i lokala i Bergen. Både i periodar med påbod og med anbefalingar opplyser TV 2 at det er lagt vinn på å sikre at nærvær ved nyheitsredaksjonen i Bergen overstig nærværet i Oslo for å oppfylle lokaliseringskrava så langt det har vore mogleg.

TV 2 har på førespurnad frå Medietilsynet opplyst at nyheitsredaktøren har vore på heimekontor i periodane med påbod, men med einskilde nødvendige reiser, i snitt kvar tredje eller fjerde veke, til lokala i Bergen og i Oslo. I periodar med anbefaling om heimekontor opplyser TV 2 at nyheitsredaktøren har vore meir jamleg i Bergen, i snitt to til tre gonger i månaden. Kvar gong nyheitsredaktøren var i Bergen i 2021, var ho der i 2,5 arbeidsdagar. Nyheitsredaktøren har dermed vore betydeleg mindre til stades i Bergen enn avtalen føreset for å oppfylle kravet om at arbeidsstaden hennar skal vere i den sentrale nyheitsredaksjonen.

---

<sup>11</sup> Overvektsprinsippet er nytta i TV 2s fordeling av redaksjonelle medarbeidrarar, jf. punkt 2.6.2. Ved tolkinga av kor dei redaksjonelt tilsette har arbeidsstaden sin, er det lagt til grunn eit årsaksprinsipp. Det vil seie at ressursane er fordelte til den lokasjonen der personen/stillinga høyrer heime ut frå registrert arbeidsstad i Agresso. Normalt er det samanfall mellom organisatorisk tilhøyrsel og fysisk arbeidsstad og kontor. I dei tilfella der ein medarbeidar også oppheld seg utanfor kontoret eller mellom kontor store delar av arbeidstida si, har TV 2 nytta eit overvektsprinsipp. I det ligg det at ressursane blir rekna til det verksemdsområdet der personen/stillinga bruker hovuddelen av arbeidstida, altså meir enn 50 prosent. Medietilsynet har komme til at desse prinsippa også er relevante i vurderinga av om kravet om arbeidsstaden til nyheitsredaktøren er oppfylt. I tilsynet med TV 2-avtalen har Medietilsynet vist til kunngjeringa og presisert at formålet med lokaliseringskrava i avtalen er å sikre eit sterkt redaksjonelt miljø utanfor Oslo, jf. allmennkringkastingsrapportane frå 2019 og 2020. Det følger av allmennkringkastaravtalen at Medietilsynet skal legge til grunn ei skjønnsmessig heilskapsvurdering av om lokaliseringskravet er oppfylt. Ei full utnytting av overvektsprinsippet kan i praksis innebere at nyheitsredaktøren er til stades noko meir enn éin dag i veka (rett i overkant av 50 prosent av stillinga knytt til allmennkringkastingsoppdraget). Dersom TV 2 skulle velje å utnytte overvektsprinsippet fullt ut for nyheitsredaktøren, vurderer Medietilsynet at nærværet i den sentrale nyheitsredaksjonen er såpass lite at det kan få betydning i ei skjønnsmessig heilskapsvurdering, der eit moment i vurderinga er om formålet bak lokaliseringskravet blir innfridd.



**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2021 ikke oppfylte kravet om at nyheitsredaktøren skal ha arbeidsstaden sin ved den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen for den delen av stillinga som er knytt til allmennkringkastingsoppdraget. Medietilsynet vurderer at brotet på kravet kom av hindringar som ligg utanfor TV 2s kontroll, og vil derfor ikke følge opp brotet vidare.



# Innhaldskrav til TV2s hovudkanal

Allmennkringkastingstilsynet 2021



## 2.7 Dei andre krava til innhaldet i TV 2s hovudkanal

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester § 4-3 **Krav til innholdet i TV-kanalen**

TV-kanalen hvor allmennkringkastingsinnholdet gjøres tilgjengelig, jf. 3.2 skal oppfylle følgende innholdskrav:

- (1) Programtilbudet skal baseres på prinsippene for allmennkringkasting
- (2) Programtilbuds profilen skal være av allmenn karakter og interesse
- (3) Det skal tilbys programmer for både brede og smale grupper
- (4) Norsksspråklige programmer skal utgjøre minst 50 pst. av sendetiden
- (5) Begge de offisielle norske målformene skal benyttes
- (6) Programtilboden skal ha tematisk bredde på minst fem programkategorier med hyppighet og omfang iht. skjema i vedlegg B til kunngjøringen
- (7) Programtilboden skal ha sjangermessig bredde, både når det gjelder sammensetningen av programkategorier og sammensetningen innenfor den enkelte programkategori

TV 2 må også oppfylle ei rekke krav til det samla tilboden i hovudkanalen, som ikkje får statleg støtte. I desse såkalla minimumskrava ligg fleire av dei overordna krava som tidlegare er stilte til aktørar som har hatt status som kommersiell allmennkringkastar både på tv og radio. Inntektene og utgiftene TV 2 har i tilknyting til desse, blir haldne utanfor berekninga av nettokostnader og rimeleg forteneste som staten skal kompensere.

Dersom TV 2 bryt nokre av desse krava, kan Medietilsynet sanksjonere mot TV 2 med åtvaring, gebyr eller tvangsmulkt.

### 2.7.1 Prinsippa for allmennkringkasting

Vurderinga av korleis TV 2 oppfyller kravet om å basere programtilboden på prinsippa for allmennkringkasting, bygger på ei samla vurdering av korleis TV 2 oppfyller dei andre krava til innhaldstilboden. TV 2 la i søknaden om å vere kommersiell allmennkringkastar fram ein plan om å vidareføre profilen som er bygd opp sidan oppstarten som allmennkringkastar i 1992, og forplikta seg til å vidareføre eit breitt og variert programtilbod som i den førre allmennkringkastaravtalen. I allmennkringkastarrekneskapen gjer TV 2 greie for at profilen til hovudkanalen gjennom 29 år har vore basert på prinsippa for allmennkringkasting.

Sendeskjema blir laga slik at det sikrar at sjåarane blir eksponerte for innhald dei normalt ikkje ville oppsøkt av seg sjølv. TV 2 understrekar verdien av at redaktørstyrte medium held fram med å eksponere mediebrukarar for ulikt innhald i ei tid der algoritmar styrer stadig meir av innhaldskonsumet.


TV 2 gjer greie for at dei i den redaksjonelle tilnærminga legg vekt på å vere viktig og relevant for sjåarane sine og har eit mål om at publikum opplever ein meirverdi i programtilboden til TV 2. Når historiene TV 2 formidlar vekker sjåarane og utfordrar dei til å tenke nytt, kjem det ifølge TV 2 av at innhaldet treffer røyndomen til sjåarane. Slik TV 2 ser det, er dette både ein effekt av allmennkringkastaravtala og av redaksjonelle val som TV 2 tar utifrå ein ambisjon om å gjere meir enn det som er kommersielt nødvendig.



Tal frå Kantars 24 timarsundersøking og Medietilsynets tillitsmåling viser at tv framleis er ei av dei viktigaste nyhetskjeldene for dei fleste, og at befolkninga har høg tillit til allmennkringkastarane NRK og TV 2. Prinsippa for allmennkringkasting handlar om at heile befolkninga er målgruppa, og at TV 2 har eit ansvar for å tilby eit mangfaldig og meiningsfullt innhaldstilbod som treffer eit breitt publikum. Samtidig skal allmennkringkastinga vareta smalare publikumsgrupper og temaområde. Programstatistikken for 2021 viser at TV 2 tilbyr stoffområde som ofte blir rekna som smalare innhaldstilbod, men at enkelte av desse har relativt lite omfang. Samanlikna med tidsseriane med programstatistikk for den førre perioden TV 2 hadde eit allmennkringkastingsoppdrag, er profilen i alt vesentleg den same, noko som bekreftar at TV 2 har vidareført ein programprofil som er basert på prinsippa for allmennkringkasting.

Frå 2019 til 2020 var det nokre endringar i det samla programtilbodet i TV 2 hovudkanalen, blant anna ved at andelane «underhaldning» og «sport» var lågare enn dei føregåande åra. Samtidig auka andelane «dokumentar», «informasjon og samfunnsstoff» og «nyheter og vær». I vurderinga av dette kravet i allmennkringkastingsrapporten for 2020 antok Medietilsynet at endringar i TV 2s programlegging som følge av koronapandemien har gitt seg visse utslag i statistikken for 2020. Programstatistikken for 2021 bekreftar langt på veg denne årsakssamanhengen. I 2021 er sporten tilbake på tidlegare nivå som før pandemien med 455 timer og 7,1 prosent, og dette støttar opp om at årsaka til reduksjonen i 2020 var at mange sportsarrangement blei utsette på grunn av koronapandemien. Kategoriane «informasjons- og samfunnsstoff» og «dokumentar» heldt likevel fram med høgare delar enn før pandemien, med respektive 1 166 timer (25,9 prosent) og 218 timer (3,4 prosent) i 2021 mot 1 196 timer (18,5 prosent) og 123 timer (1,9 prosent) i 2019. Omfanget innanfor kategorien «underhaldning» fortset å gå ned og var i 2021 på 20,8 prosent (1 341 timer) mot 32,9 prosent i 2020 (1 660 timer) og 29,1 prosent (1 886 timer) i 2019.

*Figur 5 – programstatistikk for TV 2 hovudkanalen 2021*



Kjelde: TV 2



*Tabell 1 – programstatistikk for TV 2 hovudkanalen 2019, 2020 og 2021 (tal i timer og prosent)*

	2019		2020		2021	
	Timar	Prosent	Timar	Prosent	Timar	Prosent
Drama	2 283	35,3 %	2 122	32,9 %	2 173	33,8 %
Underhaldning	1 886	29,1 %	1 660	25,7 %	1 341	20,8 %
Informasjon og samfunnsstoff	1 196	18,5 %	1 579	24,4 %	1 666	25,9 %
Nyheter og vær	443	6,8 %	470	7,3 %	449	7,0 %
Sport	414	6,4 %	301	4,7 %	455	7,1 %
Barn	83	1,3 %	88	1,4 %	106	1,7 %
Religion	20	0,3 %	15	0,2 %	0	0,0 %
Natur og klima	7	0,1 %	16	0,2 %	23	0,4 %
Dokumentar	123	1,9 %	213	3,3 %	218	3,4 %
Anna	16	0,2 %	4	0,1 %	7	0,1 %
Sum	6 471	100,0 %	6 468	100,0 %	6 437	100,0 %

Kjelde: TV 2

I 2021 var det også ei endring i tilbodet for dei smalare temaområda. Tilboden innanfor «natur og klima» auka frå 1,9 prosent (123 timer) i 2019 til 3,3 prosent (213 timer) i 2020, ein andel som heldt seg stabil i 2021 med 3,4 prosent (218 timer). Årsaka til auken er at TV 2 i 2020 og 2021 har valt «natur og vitskap» som ein av dei fem temakategoriane som, i tråd med minimumskrava i avtalen, skal ha eit bestemt nivå for omfang og hyppigheit, sjå nærmare i punkt 2.7.6 om breidde i tema. Samtidig er kategorien «religion», som i 2019 var ein av dei fem temakategoriane før han blei erstatta med «natur og vitskap» i 2020, redusert til 0 prosent i 2021. I 2020 valde TV 2 likevel å sende program om religion og livssyn i høgtidene, men denne programlegginga er ikkje vidareført i 2021. Dette tyder på at det er avgjerande for programsettinga av smalare programtilbod at dei er omfatta av programkrava.

Utanom dette er programtilboden på hovudkanalen til TV 2 prega av stabilitet. Kategorien «nyheteir og vær» ligg etter auken frå 6,8 prosent i 2019 til 7,3 prosent i 2020 på 7 prosent i 2021. Kategorien «drama» ligg også på eit relativt jamt høgt nivå med 33,8 prosent og 2 173 timer i 2021 mot respektive 32,9 prosent og 2 122 timer i 2020 og 35,3 prosent og 2 283 timer i 2019.

Eit sentralt mål med allmennkringkastingsoppdraget er å styrke norsk kultur, identitet og språk, noko som både blir gjort gjennom eigenprodusert innhald og ved å bruke eksterne produksjonsmiljø i Noreg. Ei styrkt satsing på norsk innhald innanfor alle kategoriar bidrar positivt til å fremme dette målet. TV 2 gjer greie for fleire journalistiske graveprosjekt i 2021. Medietilsynet vurderer at TV 2 har vidareført og på nokre område styrkt profilen som over mange år er utvikla med grunnlag i eit allmennkringkastingsoppdrag. Delvurderingane knytte til dei andre krava viser etter Medietilsynets vurdering at TV 2 samla sett nyttar prinsippa for allmennkringkasting i verksemda si i tråd med avtalen.



Medietilsynet er vidare einig med TV 2 i at ei programlegging i tråd med prinsippa for allmennkringkasting bidrar til å motverke tendensen til at publikum hovudsakeleg blir eksponert for tilsvarende type innhald som dei allereie har valt, noko som blir forsterka av individuelt tilpassa medienester og algoritmostyring. Allmennkringkastinga er derfor eit viktig mediepolitisk verkemiddel for å sikre eit mangfaldig innhaldstilbod, og at befolkninga møter ulike perspektiv og stemmer i mediebruken sin.

#### **Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2021 oppfylte kravet om å basere programtilbodet i hovudkanalen på prinsippa for allmennkringkasting.

#### 2.7.2 Profil av allmenn karakter og interesse

Kravet om at hovudkanalen til TV 2 skal ha eit innhald av allmenn karakter og interesse, handlar om å tilby eit mangfaldig og meiningsfullt innhald som treffer eit breitt publikum. TV 2 har i søknaden forplikta seg til å vidareføre profilen og eit tilsvarende breitt og variert programtilbod, som i perioden før TV 2 hadde eit allmennkringkastingsoppdrag.

TV 2 opplyser at dei skal kombinere samlande folkeleg innhald med brei og balansert nyhetsjournalistikk, legge til rette for meiningsmangfold og skape samfunnsdebatt, men også skape felles referansar og vere ei samlande kraft. Gjennom koronapandemien har interessa for nyheter og oppslutninga om allmennkringkastarane auka. TV 2 løftar betydninga av å oppretthalde posisjonen som ei tydeleg stemme i det offentlege ordskiftet og å vere eit alternativ til NRK. Som allmennkringkastar er TV 2 opptatt av å treffe breitt i befolkninga med dekninga av nyhetsbildet, både med «breaking news», undersøkande journalistikk, dokumentarar og aktualitetsprogram. Innhaldet i TV 2 må spegle ein kvar dag folk flest kan kjenne seg igjen i, og TV 2 jobbar med å treffe sjåarane der dei er, med nye stemmer og ulike perspektiv.

I 2021 har *TV 2 Nyheter* og *TV 2 Sport* sett dagsorden med viktige nyheitssaker, både i den løpende nyhetsdekninga og i graveprosjekt som har resultert i eigne program utanfor dei ordinære nyhetsprogramma. TV 2 opplyser at dekninga av stortingsvalet i 2021 er den største satsinga i historia til *TV 2 Nyhetene*. Satsinga omfatta to partileiardebattar i Bergen og Oslo, ei rekke valprogram, undersøkande journalistiske prosjekt, løpende nyhetsjournalistikk og ein nyskapande digital partiveljar på *Tv2.no*.

Allmennkringkastarrekneskapen viser at TV 2 har ein programprofil som spenner frå nyheter, aktualitetsprogram, sport og drama til underhaldning, og at denne vekslinga i program bidrar til å oppfylle kravet om å ha ein profil av allmenn karakter og interesse. TV 2 gjer greie for at mange av underhaldningsprogramma er forankra i aktuelle saker og tema. I 2021 har TV 2 blant anna sendt andre sesong av *Kompani Lauritzen*, der deltakarane gjennomfører oberst Dag Otto Lauritzens førstegongsteneste og blir testa i harde fysiske og psykiske øvingar med eit mål om meistring og samhald. Andre eksempel frå programtilbodet i 2021 er *Petter uteligger – idretten skaper sjanser*, der Petter Nyquist følger seks menneske som søker å finne ein veg ut av rusmisbruk og inn i ein betre kvar dag og samhald i idretten,



og *Mina og meg*, som følgde ei far og ei dotter på fem år på ein 400 km lang ekspedisjonstur over Finnmarksvidda. TV 2 lanserte i 2021 eit nytt direktesendt underhaldningsprogram, *Norges nye megahit*, der seks kjendisdeltakarar kjempa om å lage nye hitlåtar og sende også nye sesongar av *Farmen*, *Sommerhytta* og *Skal vi danse*.



I *Mina og meg* følger vi pappa Alexander Read og dottera Mina (5) på tur. Foto: Vidar Nordli-Mathisen / TV 2

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2021 oppfylte kravet om at profilen i programtilbodet skal vere av allmenn karakter og interesse.

### 2.7.3 Program for breie og smale grupper

Kravet handlar om at TV 2 som allmennkringkastar skal veksle mellom programtilbod som i prinsippet er vendt mot heile befolkninga, og program som rettar seg mot smalare publikumsgrupper og temaområde. Programstatistikken i figur 5 viser at TV 2 leverer ein programprofil i hovudkanalen med brei appell. I tråd med det TV 2 har forplikta seg til som kommersiell allmennkringkastar, er mange av dei største programsatsingane retta mot eit breitt publikum. Profilen som TV 2 har hatt som allmennkringkastar tidlegare år, er i stor grad vidareført i 2021.



TV 2 gjer greie for at det er ei tematisk breidde i programtilbodet på hovudkanalen. Innanfor dei tre hovudkategoriene nyheter/aktualitet, sport og underhaldning/drama tilbyr TV 2 eit samansett programtilbod for både breie og smale sjåargrupper. Dette gjeld også for programkategoriene TV 2 har valt å levele på for å oppfylle det spesifikke kravet om breidde i tema, sjå punkt 2.7.6 om tematisk breidde.

Medietilsynet legg vekt på at TV 2 oppfyller krava i allmennkringkastingsoppdraget om program for både barn og unge. TV 2 oppfyller også krava til tematisk breidde gjennom å levele innanfor dei fem temaområda samfunns-/informasjonsprogram, dokumentarprogram, underhaldning, sport og natur og vitskap. Dette betyr at TV 2 også har program innanfor smalare temaområde – for eksempel natur og vitskap.

#### **Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2021 oppfylte kravet om å tilby program både for breie og smale grupper.

#### 2.7.4 Norskspråklege program

Andelen norskspråklege program på hovudkanalen var på 52 prosent i 2021, ein nedgang frå 2020 og 2019, da prosentandelane var respektive 58 og 60 prosent. TV 2 har på førespurnad frå Medietilsynet opplyst at hovudårsaka til nedgangen er færre reprisar av norske program.<sup>12</sup> Prosentandelen er berekna ut frå total programtid og utan promotering av desse programma, i tråd med forståinga av kravet til norskspråklege program.

Norsk innhald og norsk språk og kultur er eit konkurransefortrinn og differensierer TV 2 frå dei globale konkurrentane. TV 2 har ein uttalt ambisjon om å styrke det norske og det nære innhaldet i sendeskjemaet på hovudkanalen, og TV 2 meiner dette blir reflektert i den høge andelen norskspråklege program. Medietilsynet legg merke til at nedgangen i norskandelen i 2021 fører til at TV 2 ligg nær minimumskravet på 50 prosent av sendetida, og viser til at andelen er viktig for å sikre at kommersiell allmennkringkasting fremmer mediemangfaldet gjennom norskprodusert innhald som reflekterer norsk språk, kultur, identitet og norske samfunnsforhold.

#### **Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2021 oppfylte kravet om at norskspråklege program skal utgjere minst 50 prosent av sendetida.

<sup>12</sup> TV 2 opplyser at om reprisar blir haldne utanfor berekninga, er andelen norskspråklege program 81 prosent i 2021 mot 77 prosent i 2020.



## 2.7.5 Bruk av begge dei offisielle målformene

I 2021 har TV 2 hatt ei rekke nynorsktalande nyhetsanker, programleiarar og journalistar og viser også til ein lang tradisjon for å oppfordre redaksjonelle medarbeidarar til å bruke dialekter og nynorsk i sendingane. TV 2 viser til at dette bidrar til målveksling og breidde i målformene som blir nytta på TV 2 hovudkanalen. TV 2 har gitt fleire eksempel på både nyhetsanker og reporterar som har nytta nynorsk i 2021, blant andre Arill Riise, Morten Sandøy, Karen Anna Kleppe og Annemarta Giske.

### Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2021 oppfylte kravet om å nytte begge dei offisielle målformene.

## 2.7.6 Breidde i tema

Kunngjeringa av avtalen om kommersiell allmennkringkasting stilte krav om å i det minste levere eit tilbod innanfor fem av ti oppgitte programkategoriar. Kvar av kategoriene hadde også eigne minimumskrav om omfang og hyppigheit. Omfanget må vere på minst 30 minutt programtid innanfor kvar veke eller kvar månad. Reprisar kan ikkje reknast med og heller ikkje nyheitssendingar med base i den sentrale nyhetsredaksjonen, norskspråklege program for barn og unge og førstegongsvisningar av norsk film og tv-drama.

Dei ti kategoriene med minstekrava til omfang og hyppigheit er:

1. undervisningsprogram – minst 30 minutt kvar månad
2. samfunns-/informasjonsprogram – minst 30 minutt kvar veke
3. underhaldning – minst 30 minutt kvar veke
4. sport – minst 30 minutt kvar uke
5. kunst, kultur og musikk – minst 30 minutt kvar månad
6. religion, livssyn og livsfilosofi – minst 30 minutt kvar månad
7. natur og vitskap – minst 30 minutt kvar månad
8. program for språklege eller etniske minoritetar – minst 30 minutt kvar månad
9. program for den samiske befolkninga – minst 30 minutt kvar veke
10. dokumentarprogram – minst 30 minutt kvar månad

TV 2 har i 2021 valt å dekke dei fem kategoriene samfunns-/informasjonsprogram, natur og vitskap, underhaldning, sport og dokumentarprogram.<sup>13</sup> For kategoriene samfunns-/informasjonsprogram, sport og underhaldning er kravet å sende minst 30 minutt kvar veke. Kulturdepartementet har presisert at det ikkje blir rekna som brot på kravet om sendingar kvar veke at dei aktuelle programma blir sende i 32 av 52 veker gjennom eitt kalenderår, dersom det totale timetalet er minst 26 timer. For kategoriene dokumentar og

<sup>13</sup> 58 prosent i 2020



natur og vitskap er kravet å sende minst 30 minutt kvar månad. Her er det presisert at det ikkje blir rekna som brot på kravet til månadlege sendingar at dei aktuelle programma blir sende i ni av tolv månader gjennom eitt kalenderår, dersom det totale timetalet er minst seks timer. Medietilsynet har i dialog med TV 2 slått fast at minuttkravet skal bereknast ut frå klokketimer og ikkje kommersielle timer/«slot».

I 2021 sende TV 2 samfunns-/informasjonsprogram 36 av 52 veker, med eit totalt timetal på 64 timer. Samanlikna med dei to føregåande åra har det vore ein nedgang i antal veker og timer frå respektive 40 veker og 79 timer i 2019 og 42 veker og 67,5 timer i 2020. TV 2 har vidare dokumentert at minuttkravet på 30 minutt er oppfylt med god margin i desse 36 vekene, og at ingen av programma er reprisar. I denne kategorien har TV 2 vist blant anna *Åsted Norge*, *TV 2 hjelper deg*, *Truls a la Hellstrøm*, *Tid for hjem* og *Tid for hage*.

TV 2 sende i 2021 underhaldningsprogram 45 av 52 veker med eit totalt timetal på 286 timer. Antal timer var om lag på same nivå som i 2019 og 2020, men i 2021 blei det ikkje som tidlegare sendt underhaldningsprogram i alle dei 52 vekene i året. TV 2 oppfylte minuttkravet på 30 minutt med god margin kvar veke underhaldningsprogram blei sendt, og ingen av programma var reprisar. Denne kategorien inneholdt program som for eksempel *Skal vi danse*, *Sommerhytta*, *En kveld med Kloppen*, *God Kveld Norge med Dorthe*, *Hver gang vi møtes*, *Farmen*, *Kompani Lauritzen*, *Huskestue*, *The Voice – Norges beste stemme* og *Senkveld med Helene og Stian*.



I 2021 sende TV 2 andre sesong av *Kompani Lauritzen*. Foto: TV 2



Innanfor kategorien sport<sup>14</sup> har TV 2 sendt program i 42 av 52 veker i 2021 med eit totalt timetal på 377 timer. TV 2 oppfylte minutkravet på 30 minutt med god margin kvar av desse vekene, og ingen av programma var reprisar. I 2020 førte koronapandemien til at mange sportsarrangement planlagde om våren og sommaren, blei utsette, og dette fekk også konsekvensar for TV 2s programtilbod om sport. Sjølv med eit totalt timetal på 225 timer, braut TV 2 kravet om hyppigheit ved at sportsprogram berre blei sende i 26 av dei 36 vekene som er minstekravet per år. Medietilsynet vurderte at brotet på kravet kom av forhold TV 2 ikkje rådde over, og sanksjonerte ikkje brotet. I 2021 er omfanget om lag på same nivå som i 2019, da sport totalt utgjorde i overkant av 322 timer og blei sendt i 40 av 52 veker. TV 2 sende sport frå til dømes hoppveka i Bischofshofen og Innsbruck, langrenn frå V-cup og Tour de Ski, EM i fotball og UEFA VM-kvalifisering, sykkel frå Tour de France og Tour de Norway og landskampar i handball.

Innanfor kategorien natur og vitskap sende TV 2 program i ni av tolv månader med eit totalt timetal på ni timer. Dette er om lag same nivå som i 2020, da natur og vitskapsprogram utgjorde 9,5 timer og blei sende i ti av tolv månader. TV 2 har dokumentert at det månadlege minutkravet er oppfylt dei månadene slike program blei sende, og at ingen av programma er reprisar. Programma innanfor natur og vitskap på TV 2 i 2021 er *The Great Whale Rescue*, *Animal Impossible*, *Animals reunited* og *A Baby Reindeer's First Christmas*.

Innanfor kategorien dokumentar sende TV 2 program i alle dei tolv månadene i året med eit totalt timetal på 47 timer. Omfanget svarer til tilboden i 2020, da timetalet var 46 timer og dokumentarar blei sende i ti av tolv månader – ein auke i timeomfang på 20 timer frå 2019. TV 2 har dokumentert at minutkravet er oppfylt i dei tolv månadene, og at ingen av programma er reprisar. Dokumentarane TV 2 sende i 2021, spenner over ulike tema og handlar om nasjonale og internasjonale forhold: *Arven etter 22. juli*, *Brødrene Bø*, *Märtha*, *Vårt lille land*, *Pornolandet*, *Diana – prinsessen som forandret verden*, *Inside Chernobyl*, *Inside Monaco* og *I Am Not A Rapist*.

#### **Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2021 oppfylte kravet om at programtilbodet skal ha ei tematisk breidde på minst fem programkategoriar. TV 2 har valt å dekke dei fem kategoriane samfunns-/informasjonsprogram, sport, dokumentarprogram, underhaldning og natur og vitskap. For alle dei fem kategoriane vurderer Medietilsynet at TV 2 har oppfylt alle krava til hyppigheit og omfang.

#### 2.7.7 Breidde i sjangrar

TV 2 viser til at hovudkanalen tilbyr et breitt utval av programsjangrar innanfor alle kategoriane, og at TV 2 stadig utviklar nye konsept. Utgreiinga knytt til TV 2s tilbod i 2021 viser breidda i tilboden og korleis TV 2 arbeider med allmennkringkastingsprinsippa.

<sup>14</sup> Dei daglege sportsnyheitssendingane er ikkje medrekna.



Breidde i sjangrar dreier seg om å ta i bruk eit breitt utval av typar innslag/program eller måtar å behandle og formidle tema på. Kravet inneber at TV 2 skal veksle mellom sjangrar både i programsamansetninga og innanfor den enkelte programkategori. TV 2 gjer greie for ei breidde i samansetninga av programkonsept og sjangrar med blant anna nyheiter, dokumentarar, studiobaserte program, magasin- og reportasjeprogram, direktesendingar, drama, røyndoms-tv og underhaldning. TV 2 viser også at det er nytta ulike sjangrar som intervju, dramatisering, reportasjar, analysar og kommentarar innanfor dei ulike program- og temakategoriene.

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2021 oppfylte kravet om at programtilbodet i hovudkanalen skal ha breidde i sjangrar, både når det gjeld samansetninga av programkategoriar og innanfor den enkelte programkategorien.

# Storleiken på kompensasjonen til TV 2 i 2021



Allmennkringkastingstilsynet 2021



## 2.8 Berekning av årleg kompensasjon og retningslinjer for rekneskapsmessig skilje

### Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester § 5-1 Kompensasjon

Departementet skal yte en årlig kompensasjon oppad begrenset til 135 millioner NOK. Kompensasjonen vil bli nedjustert dersom endringer i valutakursen innebærer at beløpet overstiger 15 millioner EURO i snitt over hele avtaleperioden.

Kompensasjonen skal dekke leverandørens nettokostnader knyttet til oppdraget definert under § 3, og en rimelig fortjeneste.

Med *nettokostnader* menes differansen mellom leverandørens kostnader og inntekter knyttet til allmennkringkastingsoppdraget. Det vises for øvrig til Retningslinjene for regnskapsmessig skille.

Med *rimelig fortjeneste* menes 10 pst. driftsmargin (EBIT) på den virksomheten som omfattes av allmennkringkastingsoppdraget.

Det tas forbehold om at Stortinget ved de årlige budsjettvedtakene stiller det nødvendige beløpet til disposisjon.

Det er utarbeidet en modell for regnskapsmessig skille som skal sikre at den statlige kompensasjonen ikke brukes til å kryss-subsidiere virksomhet som faller utenfor oppdraget definert i § 3 i Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester, jf. **§ 4-4 Krav til disponering av statens kompensasjon m.v og 4.5 Krav til disponering av statens kompensasjon**

Nærmere krav til det regnskapsmessige skillet, herunder rapportering er fastsatt i vedlegget Retningslinjer for regnskapsmessig skille i TV 2 av 26. september 2018.

I tråd med avtalen § 5-2 utbetaler Medietilsynet kompensasjon til TV 2 etterskottsvist kvart kvartal gjennom året. Medietilsynet fastset storleiken på kompensasjonen, og kan gjøre vedtak om at ein eventuell overkompensasjon (det vil seie beløp som overstiger den kompensasjonen som skal ytast for å dekke nettokostnadene til TV 2, inkludert ei rimeleg forteneste) skal tilbakebetalast eller avkortast ved neste utbetaling.

Kontrollen med at TV 2 berre får dekt nettokostnadene, og at det ikkje ligg føre overkompensasjon eller kryss-subsidiering, skjer etterskottsvist i det årlege allmennkringkastingstilsynet. Årsrekneskapen til TV 2 er ein viktig del av dokumentasjonen som skal gi grunnlag for å kontrollere om den totale kompensasjonen som TV 2 har fått utbetalt, er i samsvar med nettokostnadene TV 2 har hatt for å utføre allmennkringkastingsoppdraget.

Ettersom kompensasjonsmodellen er basert på at staten kompenserer nettokostnadene til TV 2 for å levere allmennkringkastingsoppdraget (AKO), inkludert ei rimeleg forteneste, kan storleiken på den endelege støtta bli bestemt av rekneskapsresultatet for allmennkringkastingsverksemda. Avtalen har derfor eigne retningslinjer for eit rekneskapsmessig skilje i TV 2 som skal sikre at det ikkje ligg føre kryss-subsidiering av verksemda utanfor allmennkringkastingsoppdraget.

Eit rekneskapsmessig skilje betyr at det skal lagast delrekneskap for AKO og den andre verksemda til TV 2. Det skal også trekka eit rekneskapsmessig skilje mellom TV 2



Nyhetskanalen og den andre verksemda til TV 2, fordi Nyhetskanalen bruker produksjonar frå allmennkringkastingsoppdraget på nytt. TV 2 skal årleg sette opp delrekneskapane når selskapet rapporterer til Medietilsynet. I tillegg skal TV 2 som ein del av det ordinære rekneskapssystemet sette opp ein rekneskap for nyheitsområdet samla («Nyheter samlet»), som deretter blir grunnlaget for å fordele inntekter og kostnader mellom AKO og TV 2 Nyhetskanalen.

Dei fire hovudpostane i allmennkringkastingsoppdraget (AKO) er: (1) inntekter og kostnader ved eigenproduserte daglege riksdekkande nyhetsprogram med base i den sentrale nyhetsredaksjonen, det vil seie ordinære nyheitssendingar og sportsnyheteir på hovudkanalen, (2) inntekter og kostnader ved norskspråklege program for barn og unge på hovudkanalen, (3) inntekter og kostnader ved førstegongsvisning av norsk film og tv-drama på hovudkanalen og (4) meirkostnader knytte til lokaliseringskrav for hovedredaksjon og sentral nyhetsredaksjon for hovudkanalen.

Medietilsynet har i tråd med retningslinjene utforma malar for korleis TV 2 rapporterer om det rekneskapsmessige skiljet mellom AKO og den andre verksemda til TV 2. Vidare har Medietilsynet fastsett avtalte kontrollhandlingar som revisoren til TV 2 skal bruke.

I tilsynet med rapporteringa av det rekneskapsmessige skiljet mellom allmennkringkastingsverksemda og den andre verksemda i TV 2 har Medietilsynet innhenta fagleg bistand frå rådgivings- og revisjonsselskapet BDO. BDO har gått gjennom sjølve rapporteringsmodellen som TV 2 nyttar, kontrollert innrapporteringa til TV 2 opp mot dei fastsette retningslinjene for rekneskapsmessig skilje, og gått gjennom kontrollhandlingane til revisor.

### 2.8.1 Storleiken på kompensasjonen i 2021

I 2020 blei den endelige kompensasjonen til TV 2 på 68,8 millionar kroner. Fordi full kompensasjon på 135 millionar kroner allereie var utbetalt til TV 2 for 2020, avkorta Medietilsynet den overskytande kompensasjonen med 66,2 millionar kroner i utbetalingane for 2021.

For allmennkringkastingsverksemda i 2021 har TV 2 lagt fram årsrekneskap med eit resultat på netto meirkostnad inkludert 10 prosent driftsmargin på 149 millionar kroner. Rekneskapsresultatet for TV 2 tilseier dermed at staten skal yte full kompensasjon på 135 millionar kroner for 2021 under føresetnad av at andre vilkår for allmennkringkastingsverksemda er oppfylte.

Som vist i tilsynet for 2021, er det enkelte krav knytte til lokaliseringa i Bergen som TV 2 ikkje oppfyller. Desse brota kjem etter Medietilsynets vurdering av hindringar som følge av koronapandemien og ligg utanfor TV 2s kontroll, jf. force majeure-føresegna i § 8-3 i Avtale om levering av kommersielle allmennkringkastingstenester av 26. september 2018. Medietilsynet vil derfor ikkje avkorte kompensasjonen som følge av desse brota.



Den eksterne revisoren til TV 2, Ernst & Young AS (EY), har lagt fram ein rapport om resultatet av kontrollhandlingane for allmennkringkastingsrekneskapen for 2021. Dei avtalte kontrollhandlingane skal sikre at rapporterte opplysningars i allmennkringkastarrekneskapen til TV 2 samsvarer med den underliggende allmennkringkastarmodellen og selskapsrekneskapen for verksemda. Rapporten bekreftar at revisor har utført oppdraget sitt i samsvar med dei avtalte kontrollhandlingane. Det betyr at alle kontrollerte beløpsstorleikar samsvarer med årsrekneskapen og rekneskapssystemet til TV 2, at alle kontrollerte opplysningar som blir nytta til å fordele inntekter og kostnader i allmennkringkastarrekneskapen, kan avstemmast mot opplysningar i underliggende data, rekneark og modellar utarbeidde av selskapet eller statistikkverktøya Instar og Kibana, og at alle kontrollerte framgangsmåtar for fordeling er i tråd med avtalte fordelingsprinsipp og metodar beskrivne i retningslinjene for rekneskapsmessig skilje i TV 2.

Med dette stadfestar revisor at det ikkje er avdekt avvik i rapporteringa av rekneskapsresultatet av allmennkringkastingsverksemda frå TV 2 til Medietilsynet.

I kontrollen av Excel-modellen for rapportering av allmennkringkastingsverksemda til TV 2 har BDO gjort ein manuell kontroll av summeringsarka for å sikre at modellen framleis hentar riktige data frå input-arka. I gjennomgangen av kontrollhandlingane til revisor har BDO gått gjennom funna til revisor per kontrollhandling og vurdert omfanget av og innhaldet i kontrollhandlingane. Medietilsynet utformar kontrollhandlingane som revisor skal bruke, og overleverer desse til TV 2 før revisjonen. BDO fann ingen endringar i dei avtalte kontrollhandlingane, med unntak for at strøymetenesta til TV 2 har skifta namn frå TV 2 Sumo til TV 2 Play.

BDO har tidlegare kommentert at tabellen med fordeling av reklameinntekter frå TV 2 Play ikkje blir kontrollert, noko som blant anna har si årsak i at denne inntektskategorien ikkje var aktuell da prinsippa for det rekneskapsmessige skiljet blei fastsett. Medietilsynet har overlate til TV 2 og revisoren til TV 2 å lage ei kontrollhandling knytt til reklameinntektene på TV 2 Play (punkt 10 i kontrollhandlingane). Vurderinga har vore at det kan vere føremålstenleg å definere prinsippa for fordeling og kontroll av reklameinntekter frå TV 2 Play mens dei framleis er relativt låge. I 2021 var reklameinntektene frå TV 2 Play så låge at dei i praksis ikkje verkar inn på storleiken på kompensasjonen. Medietilsynet legg til grunn at så lenge desse inntektene blir verande på dette nivået, er det ingen grunn til å endre kontrollhandlingane på dette punktet i inneverande avtaleperiode.

Gjennomgangen av funna til revisor viste at oppdraget er utført i samsvar med dei avtalte kontrollhandlingane, og at ingen av kontrollhandlingane har avdekt avvik.

BDO har også vurdert modellen for kompensasjonen og samanlikna rekneskapen for 2021 med 2020. I 2020 gjekk allmennkringkastingsverksemda med overskott før støttebeløpet, mens i 2021 gjekk allmennkringkastingsverksemda med underskott. BDO peiker særleg på to hovudårsakar til dette. For det første har TV 2 ein markant auke i direkte produksjonskostnader knytte til norskspråkleg film og drama, utan at dette er speglia i ein tilsvarande inntektsauke. For det andre går sjåarmønstra noko tilbake til «normalen» før pandemien i 2021 samanlikna med 2020. I 2020 førte den sterke veksten i sjåartala på



Nyhetskanalen og sjåinga på nyheitssendingane på TV 2 hovudkanalen, spesielt i dei tyngst vekta alderssegmenta 20–49 og 50–59 år, til ein reduksjon i andelen inntekter som blir allokerete frå nyheitsområdet til allmennkringkastingsverksemda.

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at TV 2 har etterlevd retningslinjene for rekneskapsmessig skilje i 2021. Revisoren til TV 2 har utført oppdraget sitt i samsvar med dei avtalte kontrollhandlingane, og desse har ikkje avdekt avvik. Rekneskapsresultatet tilseier dermed at TV 2 skal få full kompensasjon på 135 millionar kroner for 2021 for å ha levert allmennkringkastingsoppdraget.



A woman with long, dark hair is shown from the chest up, looking down and slightly to her right. She is wearing a light-colored, ribbed hoodie. The background is a composite image of a coastal town at night, featuring several wooden buildings with signs for "SILD - FISK", "ALERED SKULSTAD", "O. STORHEIM", "ENHJURNINGEN", and "SJØBODEN". A white car is parked in front of one of the buildings. The sky is dark with some clouds.

**Medietilsynet**

Nygata 4, 1607 Fredrikstad  
[post@medietilsynet.no](mailto:post@medietilsynet.no)  
[facebook.com/medietilsynet](https://facebook.com/medietilsynet)  
[twitter.com/medietilsynet](https://twitter.com/medietilsynet)

ISBN: 978-82-8428-027-1